

Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2022/129-39

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
6/2023	07.02.2023	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
8/2023	14.02.2023	Formannskap
8/2023	23.02.2023	Kommunestyret

Detaljreguleringsplan for Øyberget næringsområde - Sluttbehandling

Vedlegg

- 1 Øyberget Plankart 25-01-2023
- 2 Øyberget Planføresegner 25-01-2023
- 3 Øyberget Planbeskrivelse revidert 25-01-2023
- 4 Øyberget Terrengprofilar_20230124
- 5 Øyberget næringsområde_ROS-analyse_2022_06_28
- 6 Sakspapir Formannskapet 20-09-2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka.

Planforslaget vert fremma som ei oppfølging av arealbruk fastsett i kommuneplanens arealdel vedteken 24.06.2021, der det vart vedteke utlagt nye næringsområde BN03 og BN04 på massetippen oppfor Øyberget kraftverk. Skjåk kommune har behov for å legge til rette for nye næringsareal, da det så å seie ikkje er att areal på eksisterande areal som er regulert for industri og anna næringsverksemd i kommunen.

I føresegnene for kommuneplanen er det for områda BN03 og BN04 bestemt at det kan etablerast næringsverksemd (letteare industri/verkstad/lager) som gjev lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden. Norconsult AS fekk på oppdrag frå Skjåk kommune, utarbeidd forslag til reguleringsplan for næringsområdet. Reguleringsplanforslaget la i samsvar med kommuneplanen til rette for å etablere lettare industri, verkstad og lagerverksemd på næringsareala som var lagt ut i planforslaget. I planforslaget var det definert at datasenter/datalagringssentral fell innfor omgrepet lett industri, på vilkår av at eventuell slik verksemd blir etablert med løysingar som gjev lite støybelastning mot omgjevnaden.

Formannskapet (planutvalet) gjorde 20.09.2022 følgande vedtak i sak 2022/65 om å legge planforslag for Øyberget næringsområde ut til offentleg ettersyn og høyring:

1. I samband med ny reguleringsplan for Øyberget næringsområde så må gang og sykkelveg utvides fra innkjøringen til kraftanlegget til den nye innkjøringen til Øyberget næringsområde
2. Før eventuell etablering av datasentral må det liggje føre etiske retningslinjer handsama og godkjent av formannskapet i Skjåk.
3. Skjåk kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Øyberget, planid. 34330002, ut til offentleg ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og evt. motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering på heimesida og med annonse i avisa.

Planforslaget vart kunngjort lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i perioden 10. oktober til 18. november 2022. I samsvar med det vedtaket formannskapet (planutvalet), så var det i høyringsforslaget lagt inn gang- og sykkelveg på nordsida av FV2650 på den delen av fylkesvegen som kjem innfor planområdet.

Etter at kommunen fekk vite at Skjåk Energi skulle arrangerte eit ope møte knytt til mogeleg etablering av datasenter i næringsområde på Øyberget 21. november, vart høyringsfristen forlenga til 5. desember for allmenta.

Uttaler til planforslaget med kommentarar frå kommunedirektøren.

Det kom inn 12 uttaler ved det offentlege ettersynet og høyringa. Hovudinnhaldet i desse er referert og kommentert under.

Lom og Skjåk brannvesen, brev 19.10.2022.

Lom og Skjåk brannvesen skriv at dei i samband med oppstart av planarbeidet, sende ei uttale der det vart opplyst at utrykkingstida frå brannstasjonen i Bismo er innanfor 20 min. Dei viser til at det i "Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen", er det oppgjeve at utrykkingstid ved brann ikkje skal overstige 10 min i områder med konsentrert og omfattande næringsdrift. Brannvesenet skriv at det her må det presiserast at dette kravet ikkje gjeld næringsområde bygd etter nyare regler, der det er forutsett at brannsikkerheita vert ivareteke i byggesaka. Dei peikar på at ivaretaking av brannvern må sikrast i all kommunal planlegging, og det bør takast sikte på å bygge så mykje brannsikkerheit som mogleg inn i bygningane. Bygningsmyndigheita må vera kjent med å ta høgde for kva lokalt brannvesen er i stand til å handtere. Lom og Skjåk brannvesen viser elles til uttale dei sende ved oppstart av planarbeidet datert 07.02.2022.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

Ein tek uttala til etterretning det brannvesenet skriv om utrykkingstid.

Ved oppstart av planarbeidet, skreiv Lom og Skjåk brannvesen mellom anna at det må sytast for at vassforsyninga er tilstrekkeleg og dimensjonert for å dekke behov for sløkkevatn. Brannvesenet kravde at området utstyrt med tilstrekkeleg tal på hydrantar eller tilsvarande brannvassuttak, og at dei skal ha tilgang til minst to uttak innan rimeleg avstand på ein kvar stad innan området som vert tilrettelagt for næringsverksemd. I kommentarane Norconsult har gjort av dette i planomtala, er det sagt at ein føreset at dette blir teke omsyn til ved detaljprosjektering av VA. Utbygging av VA vil skje i kommunal regi. Kommunen må elles legge opp til at brannsikkerheita blir følgt opp ved byggesaksbehandlinga for næringsbygg i området og dette er nærare regulert i byggtেকnisk forskrift (TEK17), kapittel 11 "Sikkerhet ved brann".

Mattilsynet, brev 24.10.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. Mattilsynet viser til at det i planomtala står at det er avsett plass til nytt høgdebasseng og oppgradering/utbygging av kommunalt vatn- og avlaupsnett. Vidare står det i rekkefølgeføresegna at det ikkje vert gjeve igangsetjingsløyve før vatn- og avlaupsanlegg er opparbeida og sikra tilstrekkeleg reinsekapasitet. Mattilsynet ser positivt på at det skal etablerast eit nytt høgdebasseng og at leidningsnettet blir oppgradert/utbygd. Etablering av ny råvasskjelde og høgdebasseng vil utløyse krav om ny plangodkjenning for vassverket. Vassverket må vurdere kapasiteten på vassbehandlingsanlegget for å sikre at det er tilstrekkeleg dimensjonert for eit auka vassforbruk.
- B. Mattilsynet skriv at det i planen ikkje er skildra kva for ein kjølemetode som skal nyttast dersom det blir etablert eit datasenter i planområdet. Dei skriv at dersom vatn skal nyttast som kjølemedium, kan det utgjera temperaturheving i resipienten (der det «anvendte» kjølevatnet sleppes ut). Mattilsynet skriv at utslepp av kjølevatn må ta omsyn til fiskehelse/fiskevelferd i vassdraget, og at det må greiast ut korleis høg vass temperatur vil påverke elva og fisken i dei ulike årstidene og korleis eventuelle avvik skal handterast.
- C. Mattilsynet peikar vidare på at ein må syne særleg aktsemd for å førebyggje spreiding av smittsame sjukdomar på dyr, av dette akvatiske dyr (fisk). Dei forventar at det, der det er relevant, blir laga føresegn som vil førebyggje overføring av kjend og ukjende smitte mellom vassdrag. Mattilsynet skriv at det må stillas krav til entreprenørar og anna relevant verksemd om vask og desinfeksjon av anleggsmaskinar og anna utstyr før det kan nyttas i og nær vassdrag.
- D. Mattilsynet viser til at det i lov om plantehelse er krav til tiltak for å sikre plantehelse og hindre spreiding av planteskadeleggjarar. Dei skriv at i samband med masseuttak og flytting av masser må dette vurderast for å sikre at smittsame plantesjukdomar ikkje fyljer med massane.
- E. Mattilsynet viser til at deira forvaltningsområde også omfattar dyrevelferdsmessige, eventuelt også dyrehelsemessige uheldige konsekvensar som følgje av naturinngrep. Dei skriv at det er viktig at ein klarar å oppretthalda mest mogleg eksisterande trekkruiter for vilt for å unngå unødvendig belastning.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

- A. *Teke til etterretning.*
- B. *Det er mindre sannsynleg at det er aktuelt å etablere verksemd som slepp ut "kjølevatn" i resipient som vil medføre en temperaturheving i denne. Den aktuelle resipienten her vil vere Ottaelva, og auka temperatur kan medføre auka algevekst/grønske og også kunne påverke dyreliv i elva (dyreplankton, insekt, fisk mm.) avhengig av temperaturen på det vatnet som vert slept ut. Eventuelt datasenter vil etter dei opplysningane ein har, handtere kjølevatnet slik at det ikkje blir slept oppvarma vatn i elva, men dersom det er aktuelt er "påverknad av temperaturen" definert som forureining i forureiningslova. Verksemd som skal sleppe oppvarma vatn, kan etter § 13 i forureiningslova bli pålagt å gjennomføre konsekvensutgreiing knytt til utsleppet, og må eventuelt da søke om utsleppsløyve.*
- C. *Ein merker seg det Mattilsynet skriv om spreiding av smittsame sjukdomar på dyr. Denne smitterisiko, er vel da mest aktuell å vurdere om det skal bli slept ut kjølevatn frå eit datasenter i elva eller ved etablering av aquakulturproduksjon for å nytte varme frå kjølevatnet, jf. punktet over. Elles vil anleggsarbeidet i tilknytning til næringsområdet gå føre seg langt frå vassdraget. Ved etablering av nytt anlegg for vatn og avlaup til campingplassen og det nye næringsområdet, vil en både måtte krysse elva og arbeide med anleggsmaskiner i og nær elva. Dette arbeidet er ikkje del av reguleringsplanen, men vil bli gjennomført av kommunen som ledd i utbygging/opprusting av infrastruktur for området. Ved dette arbeidet vil det vere viktig å stille*

krav til entreprenørar i tilbodskonkurransen og i gjennomføringa om vask og desinfeksjon av anleggsmaskinar og anna utstyr.

- D. Ein merker seg det Mattilsynet skriv om spreieing av planteskadegjerarar. Dersom det blir aktuelt å tilføre masser frå område utafor planområdet, er det viktig at massane blir vurdert i forhold til smitte av plantesjukdomar og planteskadegjerarar. Kommunen eller den som opparbeider området for næringsverksemd, må da stille krav til entreprenør i forhold til at denne gjer vurderingar og godtgjer at masse som blir tilført ikkje medfører spreieing av plantesjukdomar og planteskadegjerarar.*
- E. Det er av fleire av uttalepartane stilt spørsmål ved om trekkruiter for viltet vil bli skadelidande av etableringa av næringsområdet, tilkomstvegen og hytteområdet. Av planmateriale som var på høyring, var det rekna at vilttrekket kunne oppretthaldast på ein tilfredsstillande måte også etter utbygging. Spørsmålsstillinga vil bli drøfta inngåande seinare i saksframstillinga med grunnlag i dei uttalene som er kome inn, med vurdering av behov for planendring eller om det vil vere mogeleg med førebyggjande tiltak.*

Reinheimen Bågåjægerlag, e-post 26.10.2022.

Reinheimen Bågåjægerlag (RB) er svært kritiske til den tenkte utbygginga av Øyberget næringsområde. Dei skriv at dei har problem med å forstå at kommunen skal legge eit næringsområde i eit så fint turområde. RB skriv at dei også er uroa for kva for verknad utbygging vil ha for hjorteviltet i Skjåk Almanning, da trekk til og frå sommarbeite går gjennom området det er tenkt bygd på.

RB skriv at dei har lagt ned store ressursar i anlegget for bogeskyting som no blir totalt øydelagt for dei. Dei viser til at laget vart stifta i 2008, og at oppbygginga av baneanlegget vart påbegynt i 2012 og har sidan vore under stadig utviding. Dei skriv at dei har Norges einaste fullverdige 24 måls 3d bane for rørslehemma, og at dei også har ein ordinær 3d bane på ca. 3,3 km. RB viser til at dei også har ein samlingsstad med ein stor gapahuk og ein stor grillplass samt ei innskytningsbane nede på parkeringa på tippen. Dei skriv at dette ligg det mye arbeid og kostnader i.

RB skriv at dei ser at banen og anlegget blir brukt mykje av barn, barnefamiliar, rørslehemma og vaksne utanom bogeskytinga, både av turistar frå campinga og av lokalbefolkninga.

Reinheimen Bågåjægerlag skriv at dersom utbygginga blir ein realitet, forventar dei full kompensasjon med eit nøkkelklart anlegg.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

Reguleringsplanforslaget for Øyberget næringsområde er ei oppfølging av kommuneplanens arealdel vedteken i kommunestyret 24.06.2021. Ved behandlinga av kommuneplanen, valde politikarane det alternativet som var framlagt for næringsområdet som også omfattar det arealet som Reinheimen Bågåjægerlag har leigd for sine anlegg i området. Kommunen har tidlegare kommunisert at ein er innstilt på å gi erstatning for dei investeringane som Reinheimen Bågåjægerlag har gjort i området når næringsområdet blir bygd ut, og vere med å finne eit nytt område og sikre areal for denne aktiviteten.

Direktoratet for Mineralforvaltning, brev 27.10.2022.

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) viser til at dei gav fråsegn til oppstart av planarbeidet 28.02.2022. Dei peika her på at det var ein føresetnad at tiltakshavar avklåra vilkår for bruk av arealet med omsyn til konsesjonsvilkår til massetippen, og at det måtte gjerast greie for om massane kan nyttast som byggeråstoff før dei byggast ned.

DMF skriv at det i kommunen si saksutgreiing kjem fram at kommunen har avklart bruken av området med omsyn til konsesjonsvilkåra gjeve av NVE. Dei viser til at det i planomtalen er beskrive at tippmassane ikkje er eigna som byggeråstoff grunna dei mekaniske eigenskapane.

DMF skriv at deira innspel til plana er ivareteke, og at dei ikkje har fleire merknadar til planforslaget.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

Teke til etterretning.

NVE, brev 15.11.2022.

NVE viser til deira innspel til varsel om oppstart 09.03.2022, og ber om at deira merknadar som vedkjem gjeldande vassdragskonsesjon for Øyberget vasskraftverk, blir ivaretatt i det vidare arbeidet med utvikling av Øyberget næringsområde.

NVE viser til at ny industrietablering vil krevje kraftforsyning, og at det er derfor viktig at kommunen/industriaktøren tar kontakt med det lokale nettselskapet for å avklare kraftforsyninga i området. NVE skriv at for å bli tilknytt, kan kraftkrevjande industri utløyse større eller mindre tiltak i nettet, og dette kan være konsesjonspliktig.

NVE peikar på at både sjølve tilknyttinga av et industriområde til nettet, og eventuelt utbetringar av straumnettet elles som følge av tilknyttinga, er konsesjonspliktig og blir behandla av NVE etter energilova. Dei skriv at det er viktig at kommunen/industriaktørane er klar over at tiltak i transmisjonsnettet som er nødvendig for å tilknytte industrien, kan ha verknadar for andre kommunar og fylke enn der industriområdet etablerast. NVE skriv at det må takast høgde for at nettselskapets utredning av kraftforsyning og påfølgande konsesjonsbehandling i NVE er tidkrevjande prosessar, da det er mange interesser som skal ivaretakast.

For at NVE skal ta en konsesjonssøknad om tilknytting av industri til behandling, må det som minimum være avklart følgjande:

- Området må være avsett til industri eller annet eigna arealformål i kommuneplanens arealdel, eller regulert til formålet. I saker om tilknytting til nett vil NVE i tillegg måtte gjere konkrete vurderingar av realismen i prosjektet før dei tek saken til behandling, knytt til behov for løyve etter anna lovverk, lokale forhold m.m.
- Nettselskapet må ha vurdert om tilknyttinga av forbruket er driftsmessig forsvarleg, eller om det er behov for investeringar i regional- eller transmisjonsnettet for å knytte til forbruket. Dokumentasjon må leggjast ved søknaden.
- Dersom det ikkje er driftsmessig forsvarleg å knyte til forbruket, må ein utredningsavtale med nettselskapet ligge vedlagt søknaden, inkludert en aksept frå kunden som ønsker å bli tilknytt, om å betale utredningskostnader.
- Om tilknyttinga av nytt forbruk krev store investeringar i regional- eller transmisjonsnettet, som nye leidningar og transformatorstasjonar, vil NVE kunne krevje ein samtidig behandling av søknadene.
- Dersom selskap som ikkje allereie er nettkonsesjonær søker om en større nettutbygging for å legge til rette for industriutvikling, vil NVE som ein del av behandlinga kunne krevje energiutredningar i medhald av forskrift om energiutredningar frå det regionale kraftsystemutredningsansvarlege nettselskapet, for å sjå korleis nettanlegga det er søkt om heng saman med resten av nettutviklinga og kraftsystemet i området.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

Kommunen tek til etterretning det NVE skriv knytt til eventuelle krav om konsesjon og kva for utgreiingsarbeid som vil vere påkravd i forhold til å avklare kraftforsyninga i området.

Næringsområdet er føreslege regulert for næringsverksemd med hovudvekt på lett industri, verkstad

og lager, og med opning for bygging av datasenter på nærare fastsette vilkår (jf. forslaget til reguleringsføresegner). Kva for verksemd som vil etablere seg i området, og om det vil vere verksemdar som har kraftbehov som vil utløyse krav om konsesjon er ikkje bestemt. Dersom det blir snakk om verksemdar som krev konsesjon frå NVE og som krev at nettselskapet må gjere utgreiingsarbeid i forhold til kraftforsyninga, vil slikt arbeid bli sett i gong når eventuell etablering av slik verksemd og tildeling av tomt i området blir aktuelt.


Statens vegvesen, Transport og samfunn, brev 18.11.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. Statens vegvesen viser til at det vart gjort vedtak i formannskapet i samband med behandling av reguleringsplanen, om å leggje inn gang- og sykkelveg på strekninga frå innkøyringa til kraftanlegget og fram til den nye tilkomstvegen til næringsområdet. Dei viser til at det òg er under utarbeiding ein eigen reguleringsplan for gang- og sykkelveg for Dønfoss nord, frå rv. 15 og fram til tilkomstveg til Øyberget kraftverk, og at det manglar ei strekning på om lag 130 m med gang- og sykkelveg mellom dei to planane. Statens vegvesen forventar at ein i det vidare planarbeidet med gang- og sykkelveg for Dønfoss nord utvidar plangrensa, slik at desse planområda koplast saman, og at ein ved det sikrar utbygging av samanhengande gang- og sykkelveg mellom rv. 15 og tilkomstvegen til Øyberget næringsområde.
- B. Statens vegvesen viser til at det i reguleringsplanen sine føresegner er sett rekkefølgjekrav om at gang- og sykkelvegen frå rv. 15 og fram til innkøyrseil til Øyberget kraftverk langs fylkesvegen skal være opparbeidd seinast samtidig med at utbygging av næringsområdet samla (NÆ1-NÆ3) passerer halvparten av tillate utnyttingsgrad. Statens vegvesen tilrår at det òg bør settast rekkefølgjekrav om utbygging av den resterande gang- og sykkelvegen fram til tilkomstveg til Øyberget næringsområde, til dømes med at kravet må oppfyllest før ein gir bruksløyve til fyrste hytte.
- C. Statens vegvesen viser til at tilkomst til planområdet er frå rv. 15 via fv. 2650. Dei skriv at krysset er utflytande, men det er kanalisert med oppmerka sperreområde (trafikkøyr) som skil køyreretningane. Frå vegbilde ser ein at det blir køyrd over det oppmerka sperreområdet ved køyring austover. Statens vegvesen viser til at trafikkvurderinga som er gjort, viser at trafikken ved full utbygging vil auke med 100-150 % frå dagens trafikk i krysset. Statens vegvesen tilrår at det blir bygd ei fysisk trafikkøyr i krysset for å skilje køyreretningane, dette må gjerast av omsyn til trafikktryggleiken på staden. Dei skriv at det må gå fram av rekkefølgjekrav at denne blir etablert før det blir gitt bruksløyve til fyrste næringsverksemd innan Øyberget næringsområdet. Statens vegvesen skriv at ein må avklare tiltaket med vegeigar Innlandet fylkeskommune.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

- A. *Planområdet for reguleringsplan for gang- og sykkelveg for Dønfoss nord (planid. 34330006) vil bli utvida austover slik at det heng saman med reguleringsplanen for Øyberget næringsområde (planid. 34330002). Jf. kartfigur på neste side som viser ei samanstilling av samferdselsareala i dei to planane.*



Kartfiguren viser samanstilling av samferdselsareala i dei to reguleringsplanane. Gang- og sykkelveg er vist med rosa farge. Køyreveg og forslag om ny parkeringsplass ved Dønfoss camping er vist med grå farge. Avgrensing av dei to planane er vist med svart stipla line.

- B. Eit rekkefølgjekrav om utbygging av den resterande gang- og sykkelvegen fram til tilkomstveg til Øyberget næringsområde som skal oppfyllest før ein gir bruksløyve til fyrste hytte, vurderast å vere fornuftig dersom hyttefeltet framleis skal vere ein del av planforslaget. Av omsyn til at hyttefeltet kan verke som ei barriere for villtrekket, og at grunneigar (Skjåk Almanning) av den grunn heller ikkje ønskjer hytteutbygging, vil kommunedirektøren tilrå at forslaget om hytter blir teke ut av planforslaget. Ein vil på bakgrunn av det ikkje føreslå rekkjefølgjekrav knytt til bygging av gang- og sykkelvegen fram til den nye tilkomstvegen til næringsområdet, men oppretthalde arealbruksformålet på strekninga som da gir moglegheit til å bygge gang- og sykkelveg langs fylkesvegstrekinga.
- C. Kommunen legg opp til at anlegg av fysisk trafikkøy i krysset mellom rv.15 og fv. 2650 blir regulert som del av reguleringsplan for gang- og sykkelveg for Dønfoss nord (planid. 34330006) da dette planområdet omfattar arealet ved krysset. Den store trafikkmengda i dag i sommarhalvåret, tilseier at etablering av ei fysisk trafikkøy vil vere eit godt trafikkisikringstiltak. Ein foreslår å knyte rekkjefølgjekrav til etablering av fysisk trafikkøy saman med slikt krav som er knytt utbygging av gang- og sykkelveg fram til avkøyrsla mot Øyberget kraftverk, jf. reguleringsføresegnene pkt. 7.5.

Statsforvaltaren i Innlandet , brev 18.11.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. Statsforvaltaren viser til at i tilbakemelding til start av planarbeidet hadde dei merknad til vurdering av konsekvensutgreiing. Statsforvaltaren skriv er dette er svart ut på ein sær utfyllande og god måte i notat av 28. april 2022 frå felles plankontor for Lom og Skjåk til Norconsult. Statsforvaltaren har enkelte kommentarar til forståing av punkt i føreseigna for konsekvensutgreiing, men skriv at ut frå dei omsyn Statsforvaltaren har ansvar for, så ser dei ikkje at kriteria i KU-føreseigna § 10 gjer at det er krav om ytterlegare utgreiing.
- B. Statsforvaltaren peiker på at planføresegna har under pkt. I i generelle bestemmingar følgjande tekst: "Teknisk infrastruktur, trafoer, pumpestasjonar og andre mindre, tekniske bygningar som

er nødvendig i forbindelse med framføring av strøm eller VA, kan plasseres uavhengig av reguleringsformål." Statsforvaltaren skriv at slike bygg har sin naturlege plassering i arealformål som tillét bygnader, og dei ber derfor om at denne føreseigna vert endra slik at det ikkje kan byggast i areal avsett til grønstruktur.

- C. Statsforvaltaren viser til at det i føreseigna om næringsbygg, er eit eige punkt l) om datasenter og krav om gjenbruk av varme frå eit slikt anlegg. Statsforvaltaren er litt usikker på grunnlaget for dette kravet og ber kommunen sjå nærare på dette.
- D. Statsforvaltaren skriv at analysen for risiko- og sårbarheit for reguleringsplanen som er laga i samband med reguleringsarbeidet følgjer rettleier for Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging (2018), og at dei er nøgd med dei vurderingar som er gjort med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap.
- E. Statsforvaltaren konkluderer med at dei meiner planforslaget synes å være svært godt gjennomarbeid og forhold Statsforvaltaren har ansvar for i hovudsak ser ut til å vere godt ivareteke.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

- A. *Teke til etterretning.*
- B. *Ein tek det Statsforvaltaren skriv til etterretning, og føreslår slik endra tekst: "Teknisk infrastruktur, trafoar, nettstasjonar, pumpestasjonar og andre mindre, tekniske bygningar og anlegg som er nødvendig i forbindelse med framføring av straum eller VA, kan bli plassert innafor område som er regulert for næringsformål, for vatn- og avlaupsanlegg eller for anna grøntareal - veggrunn."*
- C. *Når det gjeld pkt. l) er kommunen si føresetnad at ein ved eventuell prosjektering og planlegging av datasenter/datalagringssenter, tek høgde for å legge til rette for at restvarme kan bli utnytta som fjernvarme til anna produksjon eller oppvarming av bygningar og anlegg i eller i nær tilknytning til reguleringsområdet. Mogelege interessentar for bygging av datasenter/datalagringssenter har til dømes idear om algeproduksjon, og levering av fjernvarme kan også vere interessant for gartneri og annan bioproduksjon og også for turistverksemd i området (t.d. badeanlegg og bygningar på campingplassen). Kommunen ser at formuleringa: "Det er et mål at det meste av overskotsvarmen skal brukast opp att, og seinast innan 5 år etter at et datasenter er satt i ordinær drift, skal minst 50 % av overskotsvarmen brukast opp att", både vil vere lite forpliktande og ha tynt juridisk grunnlag. I høyringa er det også påpeika målet som er sett er lite ambisiøst. Kommunen vil derfor føreslå å ta ut denne setninga, og føreslå følgjande ordlyd for pkt. l): "Særleg om datasenter/datalagringssenter: Dersom det blir etablert denne type verksemd innafor områda NÆ1 og NÆ2, skal det bli lagt til rette for at overskotsvarme frå kjøling, også kan bli levert til/utnytta til anna produksjon, andre verksemder og anna bygnad i området."*
- D. *Teke til etterretning.*
- E. *Teke til etterretning.*


Skjåk Almenningsstyre , Utskrift av protokoll for møte 24.11.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. I saksutgreiinga frå administrasjonen, som Skjåk Almenningsstyre har slutta seg til, står det mellom anna at Skjåk Almenning er positive til at det blir lagt til rette for næringsverksemd i kommunen. Dei meiner det likevel er grunn til å stille spørsmålsteikn ved akkurat dette arealet, der det frå før er campingplass, hytter, bustadbygnad og friluftsområde. Dei peikar på at eit evt. datalagringssenter fører med seg mykje støy, noko som utan tvil vil vera skjemmande, og at auka trafikk og lyssetting vil også ha negativ påverknad vidt omkring. Skjåk Almenning meiner det må

settjast strenge krav til støy og lys i reguleringsplanen, samt at det bør på plass ei eige konsekvensutgreiing for påverknadene til nærområdet.

- B. Skjåk Almenning viser at dei 9 hyttetomtene som er teikna inn på allmenningsgrunn, har grunnlag i at arealet er teikna inn som fritidsbyggnad i ei tidlegare rullering av kommuneplanens arealdel. Det var da naturleg å teikna inn tomtene i og med at ny tilførselsveg til næringsområdet kjem der den er teikna inn. Dei viser til at sjølv om tomtene blir regulert, er det opp til allmenningen å evt. realisere dette eller ikkje. Administrasjonen viser til at styret likevel må vera merksam på at hyttefeltet og tilkomstvegen kjem i sterk konflikt med forlenginga av viltkorridoren som er anlagt på nedsida av vegen, og har teke inn ein kartfigur 4 i møteboka som illustrerer dette. Denne kartfiguren er teke inn under.



Figur 4: Oversiktskart for heile området der arealet til SA er teikna inn, samt viltkorridoren mellom Dønfoss camping (246/1/715) og Falling (134/1). På 246/1/715 skal det etablerast campingplass.

- C. Skjåk Almenning viser til at arealet nord for fylkesvegen, mellom ny reg.plan, kraftstasjonen og hytteområdet ligg som landbruks, natur og friluftsområde. Dei skriv at slik planområdet er avgrensa blir dette arealet liggjande, som eit «isolert» og uregulert område. For å unngå enda ei ny regulering på eit seinare tidspunkt, noko som vil vera både ressurskrevjande og lite rasjonelt, meiner Skjåk Almenning at dette arealet bør vera ein del av planen og regulerast inn som utbyggingsområde.
- D. Skjåk Almenning skriv at det er lagt opp til eit relativt stort inngrep i høve tilkomstvegen. Denne legg beslag på eit skogsområde utan inngrep, samstundes som breidda på vegen er stor. Allmenningen ynskjer at Skjåk kommune ser på ein alternativ vegtilkomst, evt. reduserer vegbreidda og såleis inngrepet. Dei viser til at området etter planen skal brukast til lett industri/datasenter, og dei meiner det såleis bør vera behov for mindre vegareal. Administrasjonen peiker på at skogsgrunnen her har bonitet F11, som er av dei betre bonitetane Skjåk Almenning har.

- E. Skjåk Almenning peikar på at Reinheimen Bågåjægarlag har lagt ned mykje arbeid i si etablering av skytebane på det aktuelle området. Skjåk Almenning legg til grunn at desse blir teke omsyn til i planarbeidet.
- F. Skjåk Almenning peikar på vegetasjonsskjerm VS1 og VS2, utelukkande ligg på allmenningen sin grunn. Dei viser til at i vegetasjonsskjermen planen legg opp til at det ikkje er lov å snauhogge, men forsiktig tynning. Skjåk Almenning viser vidare til at vegetasjonsskjermen er om lag 22 daa og består av ca. 50 % F11 bonitet og 50 % F14 bonitet i hogstklasse 3. Dei skriv at dette er verdifull skogsmark med gode bonitet, at det er kort køyring og at arealet er driftsteknisk greitt. Skjåk Almenning viser til at det ikkje er bygnad eller infrastruktur mot nord, og meiner såleis at denne vegetasjonsskjermen verkar noko unødvendig. Dei skriv at å hindre innsyn til sjølve næringsområdet frå sør er viktig, men frå nord har det liten hensikt. Dei viser til at det uansett vil stå att skog opp mot Øyberget sjølv om arealet blir avverka, og at skogen på slike bonitetar vil vekse relativt fort opp etter slutthogst. Skjåk Almenning føreslår å ta ut VS1 og VS2 frå planen, da formålet er lite hensiktsmessig og legg sterke restriksjonar for god skogsmark. Dei skriv at vegetasjonsskjermen alternativt må leggjast på 246/67.
- G. Skjåk Almenning viser til at det på PP1 er det regulert inn 40 romslege parkeringsplassar, og viser til at dette i dag er ein opparbeidd velteplass for Skjåk Almenning. Dei skriv at dersom arealet skal brukast som parkeringsplass må Skjåk kommune opparbeide ny velteplass på eit anna og eigna område.
- H. Skjåk Almenning skriv at det i samband med utviding av campingarealet til Dønfoss camping, vart sett att ein viltkorridor mellom 246/1/715 og 134/1 (jf. kartfiguren framføre). Dei viser til at den gongen var etablering av viltkorridor eit premiss i planarbeidet for å utvide campingarealet austover. Skjåk Almenning skriv at det er lite eller ingenting i dette planarbeidet, som tek omsyn til formålet og intensjonen med korridoren. Dei viser til at det er berekna at årsdøgntrafikken vil auke med 157 %, der det meste av trafikken kjem frå aktivitet på næringsarealet. Dei skriv at trafikkbelastninga til den nye avkøyringa vil vera mellom 225-254 ÅDT, og avkøyringa ligg akkurat der viltkorridoren endar opp mot fylkesvegen. Skjåk Almenning skriv at viltkorridoren som er etablert fungerer etter hensikta og blir brukt av alt skoglevande vilt. Dei skriv at ytterlegare inngrep vil vera svært uheldig, og at i ytste konsekvens kan infrastrukturen og trafikkaktiviteten til det nye næringsarealet føre til full barriereverknad for viltet. Skjåk Almenning er ikkje samd i den vurderinga som ligg i planen, og meiner det bør leggjast til grunn at tiltaket fører til barriereverknad. Dei meiner ny tilkomstveg til arealet difor bør utgreiast. Skjåk Almenning skriv at området rundt tippen er eit viltrikt område, og at trekket vår og haust går aust-vest i planområdet og nord for dette. Dei skriv at det er nærliggjande å tru at dette vil bli påverka negativt med støy, ljøs og aktivitet i nytt planområde.
- I. Av møteboka går det fram at Skjåk Almenningsstyre samrøystes har gjort slikt vedtak: "Almenningsstyret stiller seg bak dei vurderingane som er gjort i punktlista over. I tillegg ynskjer almenningsstyret å poengtere at avkøyringa/tilkomstvegen til næringsarealet må leggjast om, slik at ein slepp å ta i bruk areal som ligg aust for den austlege grensa til 246/67. Når avkøyringa/tilkomstvegen blir lagt om kan også dei 9 hyttetomtene takast ut av planen."

Kommentarar frå kommunedirektøren:

- A. *Arealet ligg med arealbruksformål for framtidig næringsbyggnad i kommuneplanens arealdel vedteken 24.06. 2121, slik at reguleringsplanforslaget berre er ei oppfølging av kva kommunestyret gjorde einstemmig vedtak av da. Når det gjeld støy, er det i reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 c) (ny nummerering) nedfelt at det berre er lov å etablere næringsverksemd som gir lite støy til omgjevnaden. Det er også nedfelt at grenseverdiar for støy oppgitt i tabell 2 i støyretningslinje T-1442/2021 blir gjort bindande med omsyn til støy frå verksemda mot støyfølsam byggnad. Vidare at dersom det vil vere tvil om planlagt*

næringsverksemd vil medføre meir støy mot støyfølsam bygnad enn det som er oppgitt i T-1442/2021, kan kommunen krevje at det blir gjennomført støyutgreiing før byggeløyve blir gjeve, og at det som følgje av utgreiinga eventuelt må bli gjennomført naudsynthe tiltak for å avgrense støy til grenseverdiane. Når det gjeld lys, ser kommunen av overdriven grad av lyssetting av næringseigedomane kan vere uheldig i forhold til landskapsverknad og dyre- og fuglelivet i området. Av omsyn til det viktige villtrekket ved austlege delen av planområdet, kan også større grad av lyssetting vere forstyrrende. Kommuneplanens arealdel har ikkje regelverk som regulerer lysbruk. Ein vil føreslå følgjande ordlyd for regulering av lys i område regulert for næringsbygnad, i eit nytt punkt 4.2.1 m): "Utandørs belysning skal vere avgrensa til det som er naudsynt for drifta av næringsverksemda på eigedomen. Belysninga skal avgrensast til inngangsparti, veg, parkeringsplass og lasteplass. Det er ikkje lov å montera lys utelokkande for å lyse opp fasade. Lyskjelder skal ha varm fargetemperatur (2700 Kelvin eller lågare). Lys skal primært vere avslått når eigedomen/bygningen ikkje er i bruk."

- B. Kommunedirektøren tek det som er skrive til orientering. Kartet er nyttig for å illustrer problemstillingane Skjåk Almenningen tek opp. Kommunedirektøren vil etter den første høyringsrunda, føreslå å ta ut hyttetomtene av planen, jf. punkt H under.
- C. Kommunedirektøren skjønar problemstillinga, men ønskjer ikkje å utvide reguleringa vesentleg ut over dei areala som ligg som byggeområde i kommuneplanen. Det er heller ikkje føreslege noko konkret reguleringsformål for dette området, og kommunen meiner det kan vere greitt at ein har eit LNF-område liggande som reserveareal for eventuell vurdering av utbyggingsformål for framtidige rulleringar av kommuneplanen.
- D. Tilkomstvegen følgjer den vegtraseen som ligg i kommuneplanen som vart godkjent 24.06.2021. Det er faktum at det vil gå med ein del skogareal for å bygge tilkomstvegen. Ein har i kommuneplanarbeidet og ved reguleringsplanarbeidet, er det sett på mogelegheiter for andre vegtrasear, men har ikkje funne andre løysingar som på ein god måte vil innfri krav til geometri og stigningsforhold for vegen. Tilkomstvegen er planlagd opparbeidd med ei regulert vegbreidde og en geometri som for køyring inn/ut på Fv. 2650 i samsvar til køyremåte A for vogntog som dimensjonerande køyretøy. Køyremåte A tilseier også at eit køyretøy skal kunne trafikkere veganlegget berre ved bruk av eige køyrefelt. I følgje planføresegnene skal tilkomstvegen ha ei breidde på køyrebane på 6,5 m + breiddeutviding i kurver mm. I tillegg kjem vegskulder med minimum breidde på 0,25 m på kvar side. Vegen skal da vere regulert med ei breidde på minst 7,0 m . Ved kontroll av plankartet, har plankontoret registrert at vegen i høyringsforslaget var lagt ut med ei større breidde. Plankartet har før sluttbehandling revidert plankartet slik at vegen er lagt ut med ei breidde som samsvarer med reguleringsføresegnene. I tillegg har ein gjort det grepet at arealet som leggst ut som sideareal til vegen med reguleringsformål anna veggrunn – grøntareal – er avgrensa til 3 m ut til kvar side av arealet som er regulert til køyreveg og da ikkje omfattar alt skjerings- og fyllingsareal som må etablerast for å bygge vegen. Det er dette areal som kommunen da vil erverve til veggrunn. Tilgang til areala ut over dette for å bygge vegen, er da føreslege heller sikra ved å legge inn desse areala som mellombels anleggsområde der vegen går over grunn til Skjåk Almenning. Arealet som da frigjerast er lagt ut som LNF Landbruk, og kan da framleis nyttast til skogproduksjon av allmenningen etter at vegen er ferdig bygd.
- E. Aktiviteten og anlegga som Reinheimen Bågåjægarlag har i området var i fokus ved sluttbehandlinga av kommuneplanens arealdel. Det ble da gjort vedtak av eit næringsområde som dekkjer større delar av det arealet som laget nyttar i dag. Bågåjægarlaget er høyringspart ved behandlinga av reguleringsplanen, og det har vore noko dialog mellom kommunen og laget om å finne eit nytt område for bane. Arbeidet med å finne ein ny lokalitet/erstatning av anlegg, vil kunne først vidare etter vedtaket av reguleringsplanen.
- F. Kommunedirektøren tek til etterretning at det ikkje kan påpeikast særlege behov for å ha ein strengt regulert vegetasjonsskjerm mot nord i forhold til at områda ligg til bruk for

landbruksformål og vanleg skogshogst. Ein foreslår å legge areala ut til LNFR Landbruk i det reviderte planforslaget ved sluttbehandling av planen..

- G. Kommunedirektøren ser behovet Skjåk Almenning har for velteplassen. Etter at hyttefeltet er føreslege teke ut av planforslaget, ser ein også at behovet for å regulere parkeringsplassar er noko mindre. I reguleringsplanarbeidet som er starta opp vest for reguleringsplanområdet for gang- og sykkelveg Dønfoss vest, er det forslag om ein parkeringsplass nord for Fv. 2650. Denne ligg inntil oppmerka stignett, og vil dekkje behovet for parkeringsplassar i området (om lag 35 plasser). For lokalisering av denne parkeringsplassen viser ein til kartskissa som er teke inn i samband med kommentarane til uttala til Statens vegvesen over. Kommunedirektøren foreslår derfor at den tidlegare foreslegne parkeringsplassen på velteplassen vert teke ut av planforslaget ved sluttbehandling, og foreslår at areala her blir lagt ut som LNFR Landbruk.
- H. Kommunedirektøren merker seg det Skjåk Almenning skriv knytt til vilttrekket. Problemstillinga knytt til dette er også omtalt i planomtalen. Når kommunedirektøren no foreslår å ta hytteområdet ut av planen, reknar ein at dette vil vere positivt m.o.t. vilttrekket. Ein reknar at utbygging av hyttefeltet med sperring av areal med bygg og opphald av folk, vil kunne medføre ei større barriere enn anlegget av tilkomstvegen til næringsområdet. Fjerninga av parkeringsplassen vil også kunne telle i positiv retning i forhold til vilttrekket. Biltrafikken på fylkesvegen og på vegen opp mot det planlagde næringsområdet er rekna å kunne auke monaleg. På fylkesvegen vil ÅTD på strekninga auke med 81 køyretøy i døgnet i forhold til dagens trafikk når trafikken til det planlagde hyttefeltet er teke ut (utgjorde ÅTD på 10 køyretøy). Viltet vert normalt ikkje så skremt av køyretøy så lenge ein ikkje stoppar og går ut, og det er grunn til å rekne med at viltet truleg vil passere fylkesvegen nesten som tidlegare når anleggsperioden for bygginga av vegen er over.
- I. Ein merker seg vedtaket i allmenningsstyret. På arealet mellom den nye tilkomstvegen og fylkesvegen, var det i høyringsforslaget føreslege regulert inn 9 tomter for fritidsbustadar på grunn til Skjåk Almenning. Dette var i samsvar med arealbruk som er fastsett i kommuneplanens arealdel (vidareført frå plan frå 2011). Med omsyn til at det går eit viktig vilttrekk i/nær desse areala og at Skjåk Almenning ikkje ønsker at det blir utlagt hytteområde her, foreslår kommunedirektøren å ta areal for fritidsbustadar ut i det reviderte planforslaget som leggst fram for sluttbehandling. Areal her er da lagt ut med reguleringsformål i samsvar med dagens arealbruk, dvs. at arealet kan nyttast til landbruk/skogbruk og som friluftsområde (reguleringsformål LNF Landbruk).

Naturvernforbundet i Sel og Ottadalen , brev 04.12.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. Naturvernforbundet skriv at i løpet av dette tiåret, vil energibruk til data i verda bli høgare enn energibruken til all verdas flytrafikk. Dei skriv at mange er kritiske til å bruke fly i det grønne skiftet, og meiner det også er på høg tid å bli kritisk til all energi som brukast til data i en moderne verden. Naturvernforbundet skriv at på toppen av bunken med unødvendig energibruk til data er krypto-valutaen, som er mykje meir energikrevjande enn vanlig datalagring, medan på andre plass kjem gaming, deretter kunstig intelligens og filmtitting på data.
- Naturvernforbundet skriv at plandokumenta for Øyberget, er tydeleg forvirra om kor vidt området skal leggst til rette for datasenter eller datalagringscenter, sidan desse omgrepa blir brukt om kvarandre. Dei peikar mellom anna på at eit datalagringscenter krev stor, rask og minst dobbelsikra tilknytning til internett, medan dei krev langt mindre energi enn kryptovaluta-sentralar. Naturvernforbundet skriv at eit datasenter er et mykje vidare omgrep og inneberer både spesiallagde kryptovaluta-maskinar, maskinar for kunstig intelligens, maskinar for rein

datalagring av bilde, dokument og film pluss mykje anna. Dei peikar på at når det gjeld kryptovaluta er energibehovet enormt i motsetning til rein lagring, medan behovet for god internett-tilkopling er veldig lågt.

Naturvernforbundet skriv at sidan reguleringsplanen av og til bruker omgrepet datasenter/datasentral og ser ut til å legge opp til stort energiforbruk og liten internettkapasitet, blir dei negative til planane. Dei skriv at utbygger heldigvis er ærleg og innrømmer at en betydeleg del av senteret vil arbeide med krypto. Naturvernforbundet skriv at 98 % av tilført energi til datamaskiner, vil gå tapt som spillvarme. Dei skriv at det med dagens teknologi er umogeleg å nyttiggjere særleg meir enn promillar av dette med en lokalisering i Øyberget.

Naturvernforbundet meiner planane om algeproduksjon berre er eit skalkeskjul, og at det ikkje føreligg dokumentasjon på at dette vil gjere at spillvarmen verkeleg kjem til nytte.

Naturvernforbundet meiner reguleringsplanen uansett rett og slett må forby kryptovaluta-verksemde i datasenteret og sette varige og absolutte krav om at datasenteret skal drive med samfunnsnyttig datalagring/databehandling. Dei meiner datasenteret med jamne mellomrom må kunne dokumentere at desse krava blir følgd. Naturvernforbundet skriv at det er enkelt for datakyndige å avdekke om et datasenter driver med kryptovaluta, sidan dette berre er effektivt med dedikerte maskinar og gjev kurver for straumbruk som kan kjennast att.

Naturvernforbundet meiner det i 2022 må vere et krav at datasenteret frå dag 1 skal drives med full gjenbruk av spillvarmen, ikkje berre blåse den ut med støyande vifter. Dei meiner planføresegnene er alt for svake på dette punkt.

- B. Naturvernforbundet meiner at industri som sløser bort energi tilsvarande tusenvis av husstandar ikkje kan definerast som lett industri. Dei meiner det derfor er behov for ei eige konsekvensutgreiing med fokus på det faktum at verda må spare energi, medan Skjåk kommune legg til rette for energisløsing.
- C. Naturvernforbundet er også skeptiske til at det i risiko- og sårbarheitsanalisa ikkje blir tatt særleg omsyn til at både Øyberget kraftstasjon og eit stort datasenter vil vere eit terrormål.
- D. Naturvernforbundet meiner også vilttrekket gjennom området, også er eit sårbart punkt som ikkje er ivaretatt i stor nok grad.
- E. Naturvernforbundet skriv at det er tydeleg at det ikkje er lett å lage reguleringsplan for datasenter. Dei viser til at sjølv om satsing på datasentre har vore både nasjonal, fylkeskommunal og kommunal i Noreg dei siste år, har regelverket for slike satsingar vore mangelfullt. Naturvernforbundet skriv at sidan dei nasjonale føringane er mangelfulle, er det behov for at vi på lokalt plan innfører sunne haldningar til kva vi skal bruke store straummengder til, i ein stadig veksande dataindustri. Dei skriv at kommunestyret har full anledning til å sette avgrensingar her sjølv om det på nasjonalt og fylkeskommunalt plan berre trekkast på skuldrene til dei mange datasenter-etableringane rundt omkring i Norge.
- F. Naturvernforbundet skriv at det planlagde datasenterområdet ligger berre ca. 1,5 km frå grensa til Reinheimen nasjonalpark. Dei skriv at Øyberget er eit område som har mykje turisme, og at Dønfoss camping har sørga for mye god reklame for Skjåk. Naturvernforbundet meiner at å etablere kraftsløsende industri her, vil øydelegge mykje av natur-reklamen som denne delen av Skjåk har stått for, og det vil hindre at området brukast til rekreasjon.
- G. Naturvernforbundet i Sel og Ottadalen skriv at deler av planen går ut over dyrka mark og urørt natur, dette er verdiar som Naturvernforbundet ønsker å ta meire vare på.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren merkar seg at merknadane frå Naturvernforbundet, så å seie utelukkande er knytt til problemstillinga om eventuell etablering av datasenter/datalagringscenter i området, og svært lite til disponering av området for anna næringsformål for andre type verksemder. Det blir da ein meir prinsipiell diskusjon knytt samfunnsutviklinga og den digitaliseringa som skjer i Noreg og resten av verda – og til det høge energiforbruket.

- A. *Kommunedirektøren vil med ein gong slå fast at kommunen ikkje på nokon måte har forsøkt å halde tilbake informasjon eller villeie når ein har brukt omgrepa datasentral og datalagringssenter om kvarandre. I plandokumenta har nok dei ulike omgrepa blitt nytta om kvarandre, men ein har heile tida meint det same: ei verksemd der det både blir lagra og prosessert data. "Produksjon" av krypto-valuta har ikkje vore signalisert som noko firma som Skjåk kommune har vore i kontakt med, har ønskje om å drive frå eit datasenter i Skjåk. Kor vidt det er lett eller vanskeleg å unngå slik verksemd er det vanskeleg å seie noko om, men formannskapet la opp til at det skal utarbeidast etiske retningslinjer for kva eit eventuelt datasenter skal drive med - om det skulle bli aktuelt med ei etablering av datasenter/datalagringssenter i Skjåk. Ein legg også opp til at kommunen skal erverve grunnen i området, og dermed vil kunne sitte med handa på rattet ved tildeling av tomt til aktuelle verksemder som ønskjer å etablere seg i området. For dei fleste vil forbruket av energi i eit datasenter/datalagringssenter, oppfattast nærast ufatteleg stort, uansett om verksemda har datalagring eller prosessering som hovudgeskjeft. Den elektrifisering og digitalisering som i dag skjer i samfunnet, vil sette kapasiteten både på kraftproduksjonen og på straumnettet i Noreg under sterkt press. Med omsyn til utnytting av elektrisk energi, vil ei etablering av datasenter/datalagringssenter i Skjåk ved Dønfoss nær Øyberget kraftverk vere positivt, da ein i stor grad unngår tap av energi ved overføring av straum som er rekna til gjennomsnitt 10 % i det norske straumnettet. På ei anna side er utnytting av varme som utviklar seg ved kjøling av harddiskar og prosessorar, vere eit større problem å løyse ved Dønfoss der ein ikkje umedelbart har til stades mottakarar til å utnytte den varmen som blir produserast. I byar og tettbygde strøk vil grunnlaget for å levere fjernvarme vere større. No er det det å seie at datasentre som er bygd i urbane strøk her i landet til no, nesten utan unntak kjøler ned dataparken ved luftkjøling utan nokon vesentleg gjenbruk av varmen. I reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 c) er det sett krav om at ein eventuell datasenter/datalagringssentral på Øyberget skal ha lukka kjøleanlegg/vasskjøling som i større grad mogeleggjer gjenbruk av varmen. I reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 l) er det sett krav om at det skal det bli lagt til rette for at overskotsvarme frå kjøling, også kan bli levert til/utnytta til annan produksjon, andre verksemder og anna bygnad i området. Da Statsforvaltaren har stilt spørsmål om kommunen har grunnlag for å setje konkrete krav om grad av gjenbruk av varme og tidsfristar knytt til dette, er det opphavlege punktet om dette teke ut av forslaget til reguleringsføresegner ved sluttbehandling av planen, jf. kommentarane til uttala frå Statsforvaltaren over (punkt C).*
- B. *Reguleringsplanen er utarbeidd med grunnlag i vedtaket av kommuneplanens arealdel 24.06.2021, der det i planføresegnene står at "For område BN03, BN04 og BN08 kan det berre etablerast næringsverksemd (letteare industri/verkstad/ lager) som gjev lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden." Det sentrale i den vurderinga kommunen har gjort med omsyn til at dette opnar for at det kan opnast for etablering av datasenter/datalagringssentral på Øyberget, er at eit slik verksemd under dei føresetnadane som er gjeve i reguleringsplanen, vil gi lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden. Ein datasenter/datalagringssentral som det kan vere aktuelt å bygge på Øyberget er utvilsamt kraftkrevjande, men det vil av den grunn ikkje vere rett å definere slik verksemd som tungindustri.*
- C. *Det offentlege Noreg nyttar seg i aukande grad av IKT-tenester levert frå datasentre, og slike data kan da vere knytt til samfunnsskrittiske funksjonar og skjermingsverdig informasjon av betydning for nasjonale sikkerheitsinteressar. Slik sett vil datasentre/datalagringssentre vere utsette mål i ein krig eller i ei alvorleg krisesituasjon. Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) meiner at dei funksjonane landet er mest avhengige av bør plasserast i Noreg. Ein vil tru at det med omsyn til konsekvensar av ein terror- eller krigshandling vil vere meir utenknt å plassere eit datasenter i ein by eller i urbane strøk enn ved Øyberget, da området her har liten fast busetnad.*

Øyberget kraftstasjon vil i seg sjølv kunne vere terror og bombemål, slik at ein slik eit potensiell fare vil det allereie vere i området.

- D. Når det gjeld vilttrekket, er dette kommentert av kommunedirektøren i merknadane til uttala til Skjåk Almenning over (pkt. H).*
- E. Det Naturvernforbundet skriv er problemstillingar knytt til generell samfunnsutvikling, og vert ikkje kommentert.*
- F. Spørsmålet om lokaliseringa av næringsområdet på Øyberget, fekk si avgjerd ved vedtaket av kommuneplanen sin arealdel, der lokaliseringa nær campingplassen var ei problemstilling som vart belyst. Om etablering av eit eventuelt datasenter/datalagringscenter på dette næringsområdet etter dei føresetnadar som er sett i reguleringsplanforslaget, vil medføre særskilte skadeverknadar for omdømmet til Dønfoss, har kommunedirektøren liten grunn til å tru.*
- G. Dyrka mark vert ikkje råka av planen. Etter at hytteområdet er teke ut av planforslaget, vil bygging av tilkomstvegen og gang- og sykkelveg langs Fv2650, til saman råke 10,4 dekar som er kartlagt som dyrkbar mark (ei nedgang frå tidlegare 21,8 dekar). Dette er areal som landbrukskontoret uansett vurderer som med svært lite sannsyn ville bli dyrka uansett.*

Innlandet fylkeskommune, brev 05.12.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. Fylkeskommunen skriv at det er opplyst om at strekninga mellom krysset riksveg 15/fylkesveg 2650 og ny avkøyrsløp til næringsområde ikkje har funksjon som skoleveg i dag, og at behovet for tilrettelegging for syklande og gåande er i stor grad knytt til turistbesøk ved Dønfoss camping i sommarhalvåret og til besøkssenteret ved Øyberget kraftverk.

Fylkeskommunen viser til at det basert på forventa trafikkauke som følgje av utbygginga i planområdet, er foreslått et rekkefølgjekrav om at det skal regulerast og opparbeidast gang- og sykkelveg frå krysset mellom riksveg/fylkesveg og austover til innkøyrsla til Øyberget kraftverk - seinast samtidig med at utbygging av næringsområda samla passerer halvparten av lovleg utnyttingsgrad. Fylkeskommunen viser til høyringsuttale frå Statens vegvesen (datert 18.11) og støtter deira tilråding om at det også bør stilles rekkefølgjekrav for resterande gang- og sykkelveg frem til ny tilkomstveg til Øyberget næringsområde, f.eks. knytt til første bruksløyve for ny fritidsbygning.

Fylkeskommunen viser til at Skjåk kommune har fatta politisk vedtak om ønsket bygging av gang- og sykkelveg langs fylkesveg 2650 på hele strekningen frå krysset med riksveg 4 og fram til ny tilkomstveg til næringsområdet, og viser til at kommunen har i egen regi starta regulering for den vestre delen. Dei skriv at det vil vere nødvendig å utvide eitt av planområda for å få regulert en samanhengande gang- og sykkelveg på strekninga.
- B. Fylkeskommunen skriv at i samsvar med vegnormalen skal vegkryss på nasjonale hovudvegar ha anlagt trafikkøy i sekundærvegen. I krysset mellom rv. 15 og fv. 2650 manglar det trafikkøy per i dag. Fylkeskommunen støtter Statens vegvesens vurdering av at det bør byggast fysisk trafikkøy i krysset for å skilje køyreretningane, og skriv at tiltaket må bli knytt til eit rekkefølgjekrav som minimum før det gis bruksløyve til første næringsetablering, men fortrinnsvis også før anleggsarbeidet startar.
- C. Fylkeskommunen skriv at dei som vegeigar av fylkesveg 2650 er dei spesielt opptatt av å ivareta omsyn knytt til drift og vedlikehald, samt framtidige behov langs vegen:

 - Fylkeskommunen ser ei byggegrense mot fylkesvegen på 15 meter som tilstrekkeleg for å ivareta deira behov langs vegen.
 - Fylkeskommunen føreset at trafikkareal og frisisiktsoner er utforma i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100 «veg- og gateutforming».

- Fylkeskommunen føreset at overflatevatn blir ivareteke på eigen grunn og ikkje blir leia ut i fylkesvegens overvass-system (grøft, kum, stikkrenner) utan at det føreligg avtale med fylkeskommunen. Dei skriv at tiltakshavar ved behov, må utføre nødvendige førebyggjande tiltak.
 - Fylkeskommunen skriv at for tiltak som råker fylkesvegen, må det gå fram i reguleringsføresegnene at byggeplan skal bli godkjend av Innlandet fylkeskommune.
- D. Fylkeskommunen viser til at det ikkje vart stilt krav til registrering av automatisk freda kulturminne ved varsel om oppstart av planarbeid. Dei skriv at meldingsplikten jf. kulturminnelovas § 8 er innarbeidd i planforslagetets føresegner under kapittel IV, og at undersøkingsplikta jf. kulturminnelovas § 9 da sjåast som oppfylt.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

- A. *Desse problemstillingane er kommentert av kommunedirektøren i tilknyting til uttala frå Statens Vegvesen framføre i punkt A og B. Ein viser til det som står der.*
- B. *Problemstillinga er kommentert av kommunedirektøren i tilknyting til uttala frå Statens Vegvesen framføre i punkt C. Ein viser til det som står der.*
- C. *Dei tre første kulepunkta er dekt av det som står i forslaget til reguleringsføresegner som var sendt på høyring. For å dekkje det siste kulepunktet er teke inn følgjande tekst i reguleringsføresegnene pkt. 4.3.1 b) og 4.3.2 b): "For tiltak som råker fylkesvegen, skal byggeplan bli godkjend av Innlandet fylkeskommune for anleggsarbeid setjast i gang."*
- D. *Teke til etterretning.*

Charlotta Ericsson og Frode Aaboen, brev 05.12.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. Ericsson og Aaboen skriv at dei er svært skuffa og undra over at Skjåk kommune ønskjer å legge eit industriområde med datasenter/datalagringssenter ved Dønfoss, i eit naturskjønt område på ein av dei beste utsiktstomtene i kommunen. Dei skriv at her har Skjåk kommune lagt ned mykje pengar på ein omdøme strategi, og risikerer med eit pennestrok, utan ei ordentleg konsekvensutgreiing, å øydelegge omdømet som Dønfoss camping har bygd opp både for campingplassen og for Skjåk kommune.
- B. Ericsson og Aaboen peikar på at det i plandokumenta vekslast mellom uttrykka datasenter og datalagringssenter, og dei skriv at dei reknar med at dette er gjort bevisst frå starten for å skjule at det hovudsakeleg er kryptoutvinning og ikkje rein datalagring som skal gå føre seg i dette senteret. Dei meiner det er totalt forkasteleg at ein skal bruke rein energi for å produsere noko som er så til grader omdiskutert og lite samfunnsnyttig, og skriv at ein her snakkar om ein potensiell øydelegging av om dømet for heile Skjåk.
- C. Ericsson og Aaboen skriv at kommunen her må gjere ei ordentleg konsekvensutgreiing, som også vurderer verknadane for deira familie som bor tett på det planlagde industriområdet. Dei spør også om kva for vurderingar som er gjort med omsyn til sikkerheit med omsyn til terror og brann/eksplosjonsfare ved plassering av eitt datasenter så tett på eit bustadhus og ein campingplass. Dei stiller også om det er rett å rekne ein så kraftkrevjande verksemd som lett industri.
- D. Ericsson og Aaboen skriv at lydkrava som er sett må strammast inn ytterlegare, da lyden som kjem frå datasenter ofte er høgfrekvente og konstante.
- E. Ericsson og Aaboen skriv at vegetasjonsskjermen det er lagt opp til ser ut til å ligge i ei bratt skråning, og vil skjerme lite, og meiner denne må flyttast lengre bakover for å gi tiltenkt effekt.

- F. Ericsson og Aaboen skriv at det i klartekst må leggst inn at det ikkje skal vere mogeleg å setje opp containerar til kryptoutvinning, slik ein ser ved ei rekke andre datasenter.
- G. Ericsson og Aaboen meiner at rekkjefølgja kommunen legg opp til i planen for anlegg av trafikkøy, gang- og sykkelveg, vil vere å risikere menneskes liv og helse. Dei skriv at her må ein tenkje på det store talet menneske som oppheld seg i og brukar dette området på sommaren, og deira barn som ferdast i området til dageleg. Ericsson og Aaboen meiner trafikkøy og gang- og sykkelveg må kome først, industriområde etterpå.
- H. Ericsson og Aaboen skriv at når det gjeld utnytting av restvarme, så må tilrettelegginga av dette i si heilheit bli kosta av utbyggar, da dette blir ei altfor risikabel investering. Dei skriv at datasentre er veldig uføreseielege både når det gjeld eigarstruktur og kor lang tid dei er på kvar lokasjon. Ericsson og Aaboen skriv at det vil vere håplaut å ha ein tekst i reguleringsplanen som seier det må vere eit "mål" at 50 % av restvarmen skal vere utnytta i løpet av 5 år, men at kravet må gjelde frå dag ein.
- I. Ericsson og Aaboen skriv at Skjåk kommune snur i denne saka og skrinlegg planane om datasenter, samt legg industriområdet på ein annan og meir eigna stad.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

- A. *Arealet ligg med arealbruksformål for framtidig næringsbyggnad i kommuneplanens arealdel vedteken 24.06.2021, slik at reguleringsplanforslaget berre er ei oppfølging av kva kommunestyret gjorde einstemmig vedtak av da. Om etablering av eit næringsområde etter dei føresetnadar som er sett i reguleringsplanforslaget, vil medføre særskilte skadeverknadar for omdømmet til Dønfoss, har kommunedirektøren liten grunn til å tru.*
- B. *Desse problemstillingane er kommentert av kommunedirektøren i tilknytning til uttala frå Naturvernforbundet framføre i punkt A. Ein viser til det som står der.*
- C. *Kommunedirektøren meiner forslaget til reguleringsplan dei utgreiingane som går fram av planomtalen belyser saka på ein god måte, samstundes som det er lagt inn føresegnar til dømes knytt til avgrensing av støy skal minimalisere eventuelle ulemper for bustad og campingplass. Når det gjeld problemstillingane som Ericsson og Aaboen tek opp knytt til terror, er dette kommentert av kommunedirektøren i tilknytning til uttala frå Naturvernforbundet framføre i punkt C. Ein viser til det som står der. Når det gjeld brann- og eksplosjonsfare er dette behandla i ROS-analysen som følgjer planforslaget. Det er her gjort ei vurdering av sårbarheit i forhold til skog- og lyngbrann i forhold til næringsetableringa i kap. 4.3.4 og ei risikokartlegging i kap. 4.5.2. Det står her mellom anna at ein reknar at sjølve næringstomtene vert opparbeid med dekke av grus eller asfalt, og at det vil danne ei branngate kring bygningar. Vidare at det likevel kan vere ein viss fare for brannspreiing når det er tørt og vind. Planforslaget føreset at det ved næringsutbygginga vert gjort tiltak for å førebygge brann- og eksplosjonsfare ved at det i planføresegnene kap. 7.3 står at: "Vassforsyninga i næringsområdet skal være tilstrekkeleg og dimensjonert for å dekke brannvesenet sitt behov for sløkkevatn og for eventuelle sprinkelanlegg i bygningar der det er aktuelt å sette krav om det." Vidare at: "Vassforsyninga i næringsområdet må ha anlagt brannhydrantar eller tilsvarande brannvassuttak, slik at brannvesenet skal ha tilgang til minst to uttak innan rimeleg avstand på ein kvar stad innan området." Elles er nye tilkomstvegar i planen dimensjonert tilstrekkeleg for utrykkingskøyretøy. Ein viser også til det som Kommunedirektøren har kommentert til Lom og Skjåk Brannvesen si uttale framføre. Når det gjeld problemstillinga Ericsson og Aaboen tek opp knytt til omgrepet "lett industri", er dette kommentert av kommunedirektøren i tilknytning til uttala frå Naturvernforbundet framføre i punkt B.*
- D. *Når det gjeld støy, er det i reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 c) (ny nummerering) nedfelt at det berre er lov å etablere næringsverksemd som gir lite støy til omgjevnaden. Det er også nedfelt at grenseverdiar for støy oppgitt i tabell 2 i støyretningslinje T-1442/2021 blir gjort bindande med omsyn til støy frå verksemda mot støyfølsam byggnad. Vidare at dersom det vil vere tvil om*

planlagt næringsverksemd vil medføre meir støy mot støyfølsam bygnad enn det som er oppgitt i T-1442/2021, kan kommunen krevje at det blir gjennomført støyutgreiing før byggeløyve blir gjeve, og at det som følgje av utgreiinga eventuelt må bli gjennomført naudsynte tiltak for å avgrense støy til grenseverdiane. Det er også nedfelt at om det skal etablerast datasenter/datalagringssentral, skal anlegget bli utstyrt med lukka kjøleanlegg/vasskjøling slik at støyen kjem under grensene satt i støyretningslinja. Det er kjent for andre etablering av datasentre har vore klage frå naboar p.g.a. høgfrekvent lyd, men problema i dei tilfella som har vore mest omtalte, har også bakgrunn i at anlegga har luftkjøling med vifter. Her har også dei firma som er etablert, også vore motvillige til å gjennomføre tiltak mot støy, da det dels ikkje har vore nedfelt klart regelverk av lokale myndigheiter ved etableringa. Nabobygnaden i desse tilfella ser også ut til ligge på same nivå eller høgare enn datasenteret, og støy spreiar seg mest bortover og oppover. På Øyberget vil eit eventuelt datasenter/datalagringssenter ligge på eit høgare nivå enn bustaden og campingplassen - og støy spreiar seg lite nedover. Reguleringsføresegnene opnar dessutan for at kommunen kan pålegge verksemd som skal etablere seg å gjere støyutgreiing og gjennomføre tiltak mot støy.

- E. Når det gjeld vegetasjonsskjermen, skal denne i hovudsak skjerme for innsyn. Frå bustadhuset til Ericsson/Aaboen er det om lag 200 m opp til næringsområde NÆ2 der det opnast for datasenter/datalagringssentral, og det er i tillegg til vegetasjonsskjerm og eit over 100 m breitt parti med skogsmark (LNF-område) på denne strekninga. Frå kafeen på campingplassen er det om lag 180 m opp til det nedre næringsområde NÆ3, og vidare 235 m opp til næringsområde NÆ2 der det opnast for datasenter/datalagringssentral. Her er det om lag eit 150 m breitt parti med skogsmark (LNF-område) på strekninga opp til den nye tilkomstvegen, i tillegg til vegetasjonsskjermane som er lagt inn ved næringsområda. Ein viser til lengdeprofilar for desse strekningane som er vedlegg til saka.
- F. Når det gjeld problemstillinga knytt til plassering av containerar utadørs for produksjon ved eit eventuelt datasenter/datalagringssenter, er det i reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 h) nedfelt at: "Uteareal skal bli halde ryddig, og skal være slik at det ikkje medfører forureining eller ulemper for områda rundt." Støy frå containerar vil bli ramma av dette, og vil ikkje vere lovleg å plassere utadørs.
- G. Når det gjeld problemstillingane som Ericsson og Aaboen tek opp knytt til etablering av gang- og sykkelveg og trafikkøy i krysset mellom RV15 og FV2650, er dette kommentert av kommunedirektøren i tilknytning til uttala frå Statens Vegvesen framføre i punkt C. Ein viser til dette, og forslaget til reguleringsføresegner pkt. 7.5.
- H. Når det gjeld problemstillingane som Ericsson og Aaboen reiser knytt til ansvaret for tilrettelegging av anlegg for utnytting av restvarme, er det noko ein må kome attende til dersom det blir aktuelt å bygge datasenter/datalagringssenter i ein eventuell utbyggingsavtale. Planføresegnenes pkt. 4.2.1 l) seier at "Dersom det blir etablert denne type verksemd innafor områda NÆ1 og NÆ2, skal det bli lagt til rette for at overskotsvarme frå kjøling, også kan bli levert til/utnytta til annan produksjon, andre verksemdar og anna bygnad i området."
- I. Kommunedirektøren viser igjen til at arealet ligg med arealbruksformål for framtidig næringsbygnad i kommuneplanens arealdel vedteken 24.06. 2121, slik at reguleringa av området til næringsutbygging er ei oppfølging av kva kommunestyret gjorde einstemmig vedtak av da.

Frode Aaboen for Dønfoss drift A/S og Dønfoss eigedom A/S, brev 05.12.2022.

Ein har under sortert dei ulike merknadane punktvis for lettare å identifisere kommentarar som blir gjeve til dei frå kommunedirektøren under.

- A. Aaboen skriv at dei først og fremst må uttrykke fortvilning og undring over tanken om å legge eit industriområde så tett på Dønfoss camping. Han skriv at dei har ei reiselivsbedrift som har ønskje om og kapasitet til å utvide i åra som kjem, og at turisttrafikken i området mest sannsynleg vil

auke mykje i åra framover. Aaboen skriv at med nye tunellar vestover, vil trafikken mest sannsynleg fordoble seg. Han skriv at dette vil føre til at Dønfoss camping også kan få mogelegheit til heilårsdrift, langt fleire sengeplassar, bubil-/vognplassar og større behov for naturområde samt aktivitetar i nærområdet.

Aaboen skriv han håpar politikarane i Skjåk tenkjer seg godt om, og ser på om det eventuelt kunne vere ein ide å endre reguleringa på området med ei tredeling, der ein del kunne vore helde av som grøntareal, ein del som aktivitetsområde og ein del til camping og hytter. Han meiner at om ein tenkjer langsiktig vil Skjåk vere betre tent med dette, både økonomisk og sett i eitt omdøme perspektiv. Aaboen skriv at om ein ser på tala frå 2021 hadde Dønfoss camping kring 35.000 gjestedøgn. Han skriv at kvart gjestedøgn i snitt genererer 822 kr, der mesteparten av dette ikkje går til den enkelte reiselivsbedrift, men hamnar ute i lokalsamfunnet.

- B. Aaboen skriv at det i planmaterialet er vurdert konsekvensane for jordbruk og skogbruk, men ikkje for den største næringa i området, turisme. Han viser til kapittel 3.10 "Næringsliv og sysselsetting" i planomtalen, og skriv at konsekvensane for Dønfoss Camping som ligg rett over vegen ikkje er nemnt med eitt ord. Aaboen meiner at det styrkar kravet om at det må gjerast ei konsekvensutgreiing for heile planen, da han meiner at det er openbart at det å få eit stort industriområde som næraste nabo kan bli katastrofalt for deira bedrift.
- C. Aaboen skriv at dei heller ikkje er tilfreds med kap. 3.8 "Barn og unge" i planomtalen. Han skriv at det ikkje er teke omsyn til at dette er eit viktig friluftsområde, og at det er mange barn i området store delar av området. Aaboen meiner at eit industriområde vil kunne medføre fare.
- D. Aaboen skriv at når det gjeld risiko og samfunnsikkerheit, er det ikkje gjort vurdering knytt til det at å samle kraftverk og datalagringssenter, vil kunne utgjere ein sikkerheitsrisiko.
- E. Aaboen viser til planer for at spillvarmen frå eit eventuelt datalagringssenter/datasenter, kan nyttast til algeproduksjon som vil fange karbondioksid. Med vising til forskrift om konsekvensutredningar, meiner han at det i seg sjølv utløyser krav om konsekvensutgreiing.
- F. Aaboen viser til at støyretningsline T1442 er gjort juridisk bindande i planføresegnene, men meiner det ikkje er tilstrekkeleg og at denne bør strammast inn ytterlegare. Han skriv at NS8175:2012 tabell 5 må kome til anvending.
Aaboen skriv at støykrava må skjerpast inn i byggeperioden. Han skriv at deira sesong strekk seg lengre enn det reguleringsplanen legg til grunn med avgrensingar av anleggsverksemd i perioden 20.06 - 20.08. Aaboen skriv at deira sesong er 15.05 – 15.10 med hovudsesong 15.06 – 15.09.
- G. Aaboen skriv det er bra det er lagt opp til gang- og sykkelveg på ei strekning, men at det er svært viktig at det også blir laga trygge og gode krysningar av vegen. Han meiner trafikk og trafikksikkerheit må greiast ut på ein grundigare måte. Aaboen skriv at trafikkøyr i krysset og gang- og sykkelveg, må byggast før arbeidet med eit industriområde kan starte.
- H. Aaboen skriv at det må bli sett av nok plass til eit skikkeleg vegetasjonsbelte mellom PP1 og lagerplassen til Dønfoss camping.
- I. Aaboen skriv at deira tilsette og gjester på campinga vil bli eksponert for støy, støv, trafikk og eit skjemmaende visuelt inntrykk. Han stiller spørsmål om nokon har vurdert korleis det vil påverke helse og trivsel. Han skriv at friluftsliv og dermed folkehelse vil bli skadelidande, mellom anna ved at bogeskytebanen som også er eit viktig turmål for barnefamiljar og andre, vil måtte flytte frå området. Aaboen skriv at området i dag er eit fredeleg og eit ynda friluftsområde.
- J. Aaboen skriv at det går svært viktige vilttrekk som utan tvil vil bli skadelidande.
- K. Aaboen skriv at vegetasjonsskjermen det er lagt opp til ser ut til å ligge i ei bratt skråning, og vil skjerme lite, og meiner denne må flyttast lengre bakover for å gi tiltenkt effekt.
- L. Aaboen skriv at uansett om eit påtenkt datasenter får viftekjøling ell vasskjøling vil det ha store miljømessige skadeverknadar, anten i form av støy eller i form av enorme mengder varmt vatn som må sleppast ut i Ottaelva.

- M. Aaboen skriv at ut frå Dønfoss camping sin miljøståstad, er produksjon av kryptovaluta som det vert lagt opp til forkasteleg, og at det er meningslaus sløsing med dyrebar fornybar energi på noko som er totalt unyttig for andre enn investorar.
- N. Aaboen skriv at andelen spillvarme frå eit datasenter ligg på 98 %, og at det her må settast krav om gjenbruk frå dag ein og ikkje i løpet av fem år. Han skriv at her må det setjast krav til at utbygger tek dei store investeringskostnadane med installasjonar for å bruke oppatt varmen. Aaboen skriv at erfaringar frå andre stader viser at eit datasenter ikkje alltid blir verande så lenge på ein lokasjon, og at framtida for eit datasentre er uføreseieleg.

Kommentarar frå kommunedirektøren:

- A. *Kommunedirektøren tek det Aaboen skriv til orientering. Kommunedirektøren viser til at arealet ligg med arealbruksformål for framtidig næringsbyggnad i kommuneplanens arealdel vedteken 24.06.2121, slik at reguleringa av området til næringsutbygging er ei oppfølging av kva kommunestyret gjorde einstemmig vedtak av da.*
- B. *Det er ikkje gjort nokon konsekvensutgreiing med omsyn til moglege verknadar særskilt for Dønfoss camping. Forholdet har likevel vore belyst ved saksbehandlinga av uttalene frå Aaboen og Dønfoss Camping, både ved behandlinga av kommuneplanen og av reguleringsplanen. Med grunnlag i utgreiingsarbeidet som er gjort, har ikkje kommunedirektøren grunn til å anta at etablering av næringsområde vil få katastrofale konsekvensar for campingplassen, så lengje rammene i reguleringsplanen regulerer aktiviteten i næringsområdet.*
- C. *Barn- og unges bruk av området er i hovudsak knytt til bogeskyttaranlegget, og at det er attraktiv for barnefamiliar å gå tur for å sjå på dei naturtru dyrefigurane som er plassert i terrenget. Diskusjonen om bogeskyttarbanen skulle bli ein del av reguleringa fornæringsformål, var diskutert i samband med sluttbehandlinga av kommuneplanen sin arealdel, da også politikanane hadde to alternativ, der det mest omfattande som også inkluderte bogeskyttaranlegget vart vedteke. Truleg vil næringstomtene bli inngjerda, og spesielt vil ein tru at firma vil gjere det dersom deira verksemd vil medføre fare dersom folk kjem inn på området.*
- D. *Når det gjeld problemstillingane Aaboen tek opp knytt til sikkerheitsrisiko, er dette kommentert av kommunedirektøren i tilknytning til uttala frå Naturvernforbundet framføre i punkt C. Ein viser til det som står der.*
- E. *Kommunedirektøren kan ikkje sjå at eventuell algeproduksjon som vil fange karbondioksid er omtalt som forhold som i utgangspunktet må konsekvensutgreiast i medhald av forskrift om konsekvensutgreiingar eller vedlegg I og II til denne. Om søknad om eit slikt anlegg eventuelt vil kome, skal kommunen konkret stilling til dette spørsmålet da.*
- F. *Kommunedirektøren meiner det er rett at tabell 2 i "Retningslinje for støy i arealplanlegging" skal T1442/2021 skal leggjast til grunn for næringsområda i reguleringsplanen. Standard NS8175:2012 "Lydforhold i bygninger. Lydkasser for ulike bygningstyper" og tabell 5 her, set grenseverdier for støy i bygningar. I reguleringsplanføresegnene er det nedfelt at i perioden fom. 20.06 tom. 20.08, samt på helge- og høgtidsdagar, ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid som sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomtearrondering mm. Det er om lag ein månad stuttare avgrensing enn det Aaboen skriv at dette er hovudsesonen for campingplassen. Ein vil tru det er lite aktuelt med sprenging og pigging, da næringsarealet skal etablerast på ei steinfylling etter utbygging av Øyberget kraftverk, om med omsyn til ein rasjonell gjennomføring av anleggsarbeid i området, ønskjer ikkje kommunedirektøren å fastsetje enda meir omfattande restriksjonar.*
- G. *Kommunen legg opp til å regulering av kryssing av fylkesvegen som del av reguleringsplan for gang- og sykkelveg for Dønfoss nord (planid. 34330006). Ein foreslår å knyte rekkjefølgjekrav til*

etablering av fysisk trafikkøy saman med slikt krav som er knytt utbygging av gang- og sykkelveg fram til avkøyrsla mot Øyberget kraftverk, jf. reguleringsføresegnene pkt. 7.5.

- H. Kommunedirektøren foreslår å ta ut parkeringsplass PP1 ut av planforslaget ved sluttbehandling av planen, jf. kommentarane som er gjev til uttala til Skjåk Almenning pkt. G.
- I. Kommunedirektøren delar ikkje Aaboen si oppfatning om at etablering av eit næringsområde med dei planløyisingar og føresetnadar som er gjeve i reguleringsplanen, vil gjere at tilsette og gjestar på campingplassen vil bli utsett for støy, støv, trafikk og eit skjemmaende inntrykk slik at det vil gå ut over folkehelse og trivsel. Riktig nok vil utbygging medføre at bogeskyttarbanen trolig må flyttast, jf. det som er kommentert av kommunedirektøren framføre, mellom anna til uttala til Reinheimen Bågåjægarlag.
- J. Problematikken kring vilttrekket er kommentert i kommunedirektørens kommentarar til uttalen til Skjåk Almenning pkt. H framføre. Ein viser til dette.
- K. Når det gjeld vegetasjonsskjermen skal denne også tene for å infiltrere overvatn. Sjølv om den på enkelte strekningar ser ut til å ligge i forholdsvis skrått terreng, vil desse saman med areal med skogsmark som ligg i mellom, gjere at næringsområda vil bli forholdsvis godt avskjerma for innsyn frå bustadhuset til Ericsson/Aaboen og frå campingplassen, ein viser til terrengprofilar som ligg som vedlegg til saka, og det som kommunedirektøren skriv i kommentarar til uttala frå Ericsson/Aaboen framføre pkt. E.
- L. Ved vasskjøling for eit eventuelt datasenter/datalagringssenter, er det lagt opp til at det skal det vere eit lokka system og det skal ikkje ver store utslepp av varmt vatn til elva. Ein viser til det som kommunedirektøren har kommentert til uttala frå Mattilsynet pkt. B framføre.
- M. Når det gjeld det Aaboen skriv om krypto-valuta, har ikkje "produksjon" av krypto-valuta vore signalisert som noko firma som Skjåk kommune har vore i kontakt med, har ønskje om å drive frå eit datasenter i Skjåk. Ein viser til det kommunedirektøren har skrive i sine kommentarar til uttala til Naturvernforbundet, pkt. A.
- N. I reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 c) er det sett krav om at ein eventuell datasenter/datalagringssentral på Øyberget, skal ha lukka kjøleanlegg/vasskjøling som i større grad mogeleggjør gjenbruk av varmen. I reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 I) er det sett krav om at det skal det bli lagt til rette for at overskotsvarme frå kjøling, også kan bli levert til/utnytta til annan produksjon, andre verksemdar og anna bygnad i området. Da Statsforvaltaren har stilt spørsmål om kommunen har grunnlag for å setje konkrete krav om grad av gjenbruk av varme og tidsfristar knytt til dette, er det opphavlege punktet om dette teke ut av forslaget til reguleringsføresegner ved sluttbehandling av planen, jf. kommentarane til uttala frå Statsforvaltaren over (punkt C). Når det gjeld problemstillingane knytt til investeringane for tilrettelegging av anlegg for utnytting av restvarme, viser ein til det kommunedirektøren har skrive i sine kommentarar til uttala til Ericsson/Aaboen, pkt. H.

Vurdering av revidert planforslag etter offentlig ettersyn og høyring

Kommunedirektøren legg med bakgrunn i det offentlege ettersynet og høyringa, fram eit endra planforslag til sluttbehandling og endeleg vedtak.

Næringsareala er lagt ut like som i høyringsforslaget, og omfattar vel 40 dekar.

Reguleringsplanforslaget legg til rette for å etablere lettare industri, verkstad og lagerverksemd på næringsareala i samsvar med kommuneplanen. Kommunedirektøren opprettheld forslaget om å tillate etablering av datasenter/datalagringssentral i området, på vilkår av at eventuell slik verksemd blir etablert med løyisingar som gjev lite støybelastning mot omgjevnaden.

Ny tilkomstveg til det nye næringsområdet er også lagt inn slik som i høyringsforslaget. Denne tek til frå fylkesvegen om lag 150 m frå tunet på Fallingen, og går på skrå vestover opp mot næringsområdet med vegføring, breidde og stigningsforhold (om lag 5 %) tilpassa køyring med større køyretøy (vogntog). I følge planføresegnene skal tilkomstvegen ha ei breidde på køyrebana på 6,5 m + breiddeutviding i kurver mm. I tillegg kjem vegskulder med minimum breidde på 0,25 m på kvar side. Veggen skal da vere regulert med ei breidde på minst 7,0 m. Ved kontroll av plankartet, har plankontoret registrert at veggen i høyringsforslaget var lagt ut med ei større breidde. Plankontoret har før sluttbehandling revidert plankartet slik at veggen er lagt ut med ei breidde som samsvarer med reguleringsføresegnene. I tillegg har ein gjort det grepet at arealet som leggst ut som sideareal til veggen med reguleringsformål anna veggrunn – grøntareal – er avgrensa til 3 m ut til kvar side av arealet som er regulert til køyreveg. Vegeigar vil ikkje ha behov for å disponere areal langt utover vegbanen etter at veggen er bygd. Delar av skjeringsareal og fyllingsareal kan heller nyttast til skogbruksproduksjon når veggen er ferdig bygd. Arealet som frigjerast på denne måten, er lagt ut som LNF Landbruk på grunn til Skjåk Almenning. Elles i feltet er areal som frigjerast pga. dette, lagt ut som kombinert grønstrukturformål for vegetasjonsskjerm og overvasstiltak. Tilgang til areala ut i byggeperioden, er heller føreslege sikra ved å legge inn desse areala som midlertidig bygge- og anleggsområde der veggen går over grunn til Skjåk Almenning. Det midlertidige bygge- og anleggsområdet er lagt litt utafor arealet som er rekna for å omfatte skjering og fylling, og det har medført at ein har måtte utvide planområdet noko for å omfatte dette arealet. Tilleggsarealet med årsak i dette er lagt som LNF Landbruk.

I samsvar med det vedtaket formannskapet (planutvalet) for utlegging av planforslaget til offentleg ettersyn og høyring, er det lagt inn gang- og sykkelveg på nordsida av FV2650 på den delen av fylkesvegen som kjem innafor planområdet. Denne vil henge saman med gang- og sykkelveg som blir regulert i reguleringsplan for gang- og sykkelveg for Dønfoss nord (planid. 34330006).

På arealet mellom den nye tilkomstvegen og fylkesvegen, var det i høyringsforslaget føreslege regulert inn 9 tomter for fritidsbustadar på grunn til Skjåk Almenning. Dette var i samsvar med arealbruk som er fastsett i kommuneplanens arealdel (vidareført frå plan frå 2011). Med omsyn til at det går eit viktig vilttrekk i/nær desse areala, og at Skjåk Almenning ikkje ønsker at det blir utlagt hytteområde her, føreslår kommunedirektøren å ta ut areal for fritidsbustadar i det reviderte planforslaget som leggst fram for sluttbehandling. Areal her er da lagt ut med reguleringsformål i samsvar med dagens arealbruk, dvs. at arealet kan nyttast til landbruk/skogbruk og som friluftsområde (reguleringsformål *LNF Landbruk*). Ein viser til det som er skrive i kommentarane frå kommunedirektøren til uttala til Skjåk Almenning, pkt. I.

Reguleringsplanforslaget som var lagt ut til offentleg ettersyn og høyring, omfatta også innregulering av ein ny parkeringsplass på sørsida av fylkesvegen aust for den austre avkøyringa til Dønfoss camping/utlaupet frå Øyberget kraftverk. Arealet ligg på allmenningsgrunn og er ordna til og nytta til velteplass, og allmenningen ønskjer å behalde velteplassen eller eventuelt at kommunen opparbeider tilsvarande areal som erstatning. Kommunedirektøren foreslår at parkeringsplassen på velteplassen, vert teke ut av i det reviderte planforslaget ved sluttbehandling, og foreslår at areala her blir lagt ut som areala ut til *LNF Landbruk*. Dette har bakgrunn i at det i reguleringsplanarbeidet som er starta opp vest for reguleringsplanområdet for gang- og sykkelveg Dønfoss vest, er forslag om ein parkeringsplass nord for Fv. 2650 (planid. 34330006). Denne ligg meir sentralt inntil oppmerka stignett, og vil dekkje behovet for parkeringsplassar i området (om lag 35 plasser). Etter at hyttefeltet er føreslege teke ut av planforslaget, ser kommunedirektøren også at behovet for å regulere parkeringsplassar i planområdet for Øyberget næringsområde som noko mindre.

I tippskråninga nedfor næringsområdet og i skråninga mellom flatene i den austre del av næringsområdet, er det føreslege regulert inn vegetasjonssonar for å skjerme området av landskaps-omsyn og fordrøying av avrenning av overvatn frå tette flatar i næringsområdet. Arealet er såleis føreslege lagt ut med kombinert reguleringsformål *Grønstruktur for vegetasjonsskjerm og*

overvass tiltak. Når det gjeld overvatn, er det også føreslege at minst 10 % av det regulerte næringsarealet skal ha permeable flatar slik at overvatn kan ha moglegheit for å trenge ned i grunnen. I tillegg er det stilt krav om utarbeiding av overvassplan i samband med situasjonsplan/byggesøknad, og gitt føresegnar om utforming av drengrofter mm.

I skråninga oppfor det regulerte næringsområdet på massetippen, var det i høyringsforslaget føreslege at eit skogareal på 22 dekar, vart regulert som Grønstruktur - vegetasjonsskjerm, der det berre skulle vere tillate med forsiktig tynning av skogen. Skjåk Almenning viser i si uttale at dette er skog med god bonitet med kort køyring og areal som er driftsteknisk greitt. Dei viser til at det uansett vil stå att skog opp mot Øyberget sjølv om arealet blir avverka, og at skogen på slike bonitetar vil vekse relativt fort opp etter slutthogst. Skjåk Almenning visar til at det heller ikkje ligg bygnad eller infrastruktur nord for næringsområdet, og meiner såleis at denne vegetasjonsskjermen verkar noko unødvendig. Kommunedirektøren tek dette til etterretning, og foreslår at arealet blir lagt ut med reguleringsformål i samsvar med dagens arealbruk i det reviderte planforslaget, dvs. at arealet kan nyttast til landbruk/skogbruk og som friluftsområde (reguleringsformål *LNF Landbruk*).

I forslaget som var lagt ut til offentleg ettersyn og høyring, var det lagt ut areal for bygging av vassforsyningsanlegg i form av høgdebasseng og liknande. Arealformålet er her endra til byggeområde for *Vassforsyning* som er i samsvar med planlagt arealbruk (tidlegare byggeformål for vatn- og avløpsanlegg).

Midlertidig bygge- og anleggsområde er lagt ut kring tilkomstvegen og den planlagde gang- og sykkelvegen, der desse går over grunn til Skjåk Almenning. Området omfattar 9,3 dekar.

I det reviderte planforslaget har fått ein liten utviding av planområdet (756 m²) i forhold til planforslaget som var lagt ut til offentleg ettersyn og høyring – slik at det totalt no utgjer 115.414 m². Utvidinga skuldast innlegginga av det midlertidige bygg- og anleggsområdet som omtalt over.

Areala fordeler seg på følgjande arealformål:

Formål	Areal i m2
1300: Næringsbygnad	40 862
1541: Vassforsyningsanlegg	759
2011: Køyreveg	8 239
2015: Gang- og sykkelveg	551
2019: Anna vegggrunn - grøntareal	6 883
3800: Kombinerte grønstrukturformål	20 730
5110: LNF Landbruksformål	37 434
Sum areal i m2	115 458

I det reviderte planforslaget foreslår kommunedirektøren endringar i reguleringsføresegnene. Alle reguleringsføresegnar som er knytt til reguleringsformål som er teke ut av planforslaget er naturleg nok teke ut (byggeområde for fritidsbustadar, parkeringsplass og grønstruktur- vegetasjonsskjerm). Det er teke inn reguleringsføresegnar for *LNF Landbruk* som er lagt inn som reguleringsformål der desse er teke ut.

Elles er det gjort følgjande endringar i reguleringsføresegnene:

- I kap. 4.1 pkt. j) er det foreslege endringar som seier at teknisk infrastruktur, trafoar, nettstasjonar, pumpestasjonar og andre mindre, tekniske bygningar og anlegg som er nødvendig i forbindelse med framføring av straum eller VA, berre kan bli plassert innfor område som er regulert for næringsformål, for vatn- og avlaupsanlegg eller for anna

grøntareal - veggrunn. Og da ikkje på areal uansett reguleringsformål, som tidlegare. Jf. kommunedirektørens kommentarar til Statsforvaltaren si uttale.

- I reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 pkt. l) er det sett krav om at det skal bli lagt til rette for at overskotsvarme frå kjøling, også kan bli levert til/utnytta til annan produksjon, andre verksemdar og anna bygnad i området. Men det er teke konkrete krav om grad av gjenbruk av varme og tidsfristar knytt til dette. Jf. kommunedirektørens kommentarar til Statsforvaltaren si uttale.
- I reguleringsføresegnene pkt. 4.2.1 pkt. m) knytt til at utandørs belysning i næringsområdet skal vere avgrensa til det som er naudsynt for drifta av næringsverksemda på eigedomen. Jf. kommunedirektørens kommentarar til Skjåk Almenning si uttale.
- I reguleringsføresegnene pkt. 4.3.1 b) og 4.3.2 b) er det teke inn "For tiltak som rår fylkesvegen, skal byggeplan bli godkjend av Innlandet fylkeskommune for anleggsarbeid setjast i gang." Jf. kommunedirektørens kommentarar til Innlandet fylkeskommune si uttale.
- I reguleringsføresegnene kap. 7.5 er det teke inn rekkefølgekrav knytt til utbygging av samferdselsanlegg utafor planområdet. Dette gjeld at gang- og sykkelveg frå riksveg 15 og fram til innkøyrse til Øyberget kraftverk langs fylkesvegen som blir regulert i "Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg ved Dønfoss camping" (planid. 34330006), skal vere opparbeidd før det blir gjeve bruksløyve for næringsbygnad i områda NÆ1, NÆ2 og NÆ3. Det same skal tilrettelegging av fysisk trafikkøy i krysset mellom RV15 og FV2650 som også blir regulert i den nemnte reguleringsplanen. Jf. kommunedirektørens kommentarar til Statens Vegvesen si uttale.
- I reguleringsføresegnene kap. 8 er det teke inn reglar om det midlertidige bygge- og anleggsområdet som er lagt ut kring tilkomstvegen og den planlagde gang- og sykkelvegen, der desse går over grunn til Skjåk Almenning. Formålet «Midlertidig bygge og anleggsområde» skal gjelde til kommunen har fått skriftleg melding om at anlegga er stilt ferdig. Kommunen kan deretter gjere vedtak om opphøyr av den midlertidige reguleringa jf. pbl. § 12-7, 1 ledd nr. 10.

For meir utfyllande opplysningar om planforslaget og verknadar av planen, viser ein til den reviderte planomtalen, planmaterialet som er utarbeidd av Norconsult AS som var vedlegg til planforslaget til offentleg ettersyn og høyring. Desse dokumenta er vedlegg til saka.

Når det gjeld punkt 2 i formannskapet sitt vedtak ved utlegging til offentleg ettersyn og høyring 20.09.2022, om at det før eventuell etablering av datasentral må det liggje føre etiske retningslinjer handsama og godkjent av formannskapet i Skjåk, er dette ikkje behandla som ein del av behandlinga av reguleringsplanforslaget. Dette temaet høyrer meir saman med avtaler for grunn.

Kommunedirektøren vurderer det reviderte planforslaget som eit godt grunnlag regulering av områda for ny næringsverksemd ved Øyberget i samsvar med vedtaket av kommuneplanens arealdel.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Skjåk kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, å godkjenne detaljreguleringsplan for Øyberget med planid. 34330002.
2. Detaljreguleringsplanen omfattar revidert reguleringsplankart - datert 25.01.2022, reviderte reguleringsplanføresegner – datert 25.01.2022, revidert planomtale – datert 25.01.2022 og ROS-analyse - datert 28.06.2022.

Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 6/2023 i møte den 07.02.2023:

Behandling

Forslag frå Astrid Gjertsen (BL):

Endre planførsegner punkt 4.1 i) når det gjeld periode for stopp i anleggsarbeid: Endre frå 20. juni - 20. august til 15. juni - 15. september.

Det vart stemt over denne endringa: Samrøystes som forslaget frå Astrid - altså slik:

4.1.i) I perioden fom. 15.06 tom. 15.09, samt på helge- og høgtidsdagar, skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid som sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomttearrondering mm. Bygningsarbeid blir ikkje rekna ikkje som støyande aktivitet i denne samanheng

Det vart deretter stemt over punkt 1 og 2 i innstillinga. Samrøystes som innstillinga.

Forslag frå Elias Sperstad (Sp) om eit tilleggspunkt om etiske retningslinjer. "Etiske retningslinjer for etablering i planområde må godkjennast i Skjåk kommune". Dei skal bli innlemma i festeavtala.

Det vart stemt over dette punktet. Samrøystes som forslaget.

Astrid Gjertsen (BL) ber om gjennomføring av moglegheitsstudie i tilknytning til budsjettprosess: Oppfølging av det regulerte området i ettertid gjennom å inkludere det regulerte området i eit moglegheitsstudie for heile Dønfoss.

Vedtak

1. Skjåk kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, å godkjenne detaljreguleringsplan for Øyberget med planid. 34330002.
2. Detaljreguleringsplanen omfattar revidert reguleringsplankart - datert 25.01.2022, reviderte reguleringsplanføresegner – datert 25.01.2022, revidert planomtale – datert 25.01.2022 og ROS-analyse - datert 28.06.2022.
3. Etiske retningslinjer for etablering i planområde må godkjennast av Skjåk kommune. Dei skal bli innlemma i festeavtala.

Planføresegner

4.1.i) I perioden fom. 15.06 tom. 15.09, samt på helge- og høgtidsdagar, skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid som sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomttearrondering mm. Bygningsarbeid blir ikkje rekna ikkje som støyande aktivitet i denne samanheng.

Formannskapet si behandling av sak 8/2023 i møte den 14.02.2023:

Behandling

Forslag frå Kristen Haugen Dagsgard, Sp:

1. Skjåk kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, å godkjenne detaljreguleringsplan for Øyberget med planid. 34330002. Dette med føresetnad om at datasenter/datalagringsentral blir teke ut som formål for etablering. Gjeldande formål for etableringar blir næringsverksemd med hovudvekt på lett industri, verkstad og lager som gir lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden. Innanfor ei periode på 5 år skal det gjerast ei evaluering av reguleringsformål for området.
2. Detaljreguleringsplanen omfattar revidert reguleringsplankart - datert 25.01.2022, reviderte reguleringsplanføresegner – datert 25.01.2022, revidert planomtale – datert 25.01.2022 og ROS- analyse - datert 28.06.2022.

Forslag frå Morten Kielland, BL:

1. Planen får nytt namn: Reguleringsplan for Dønfoss.
2. Reguleringsplanen skal inkludere heile Dønfoss.
3. Saken blir lagt fram att for å få ein moglegheitsstudie på Dønfoss og fastsetting av grenser for planområde.
4. Datasenter skal ikkje vere eit formål for etablering på næringsområdet.

Røysting:

Forslaget frå Morten Kielland, BL vart stemt over fyrst. Forslaget fall mot 4 røyster Sp og Ap..

Deretter vart forslaget frå Kristen Haugen Dagsgardsett satt opp mot innstillinga.

Forslaget frå Kristen Haugen Dagsgard vart vedteke mot 2 stemmer Sp og Ap.

Vedtak

1. Skjåk kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, å godkjenne detaljreguleringsplan for Øyberget med planid. 34330002. Dette med føresetnad om at datasenter/datalagringsentral blir teke ut som formål for etablering. Gjeldande formål for etableringar blir næringsverksemd med hovudvekt på lett industri, verkstad og lager som gir lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden. Innanfor ei periode på 5 år skal det gjerast ei evaluering av reguleringsformål for området.
2. Detaljreguleringsplanen omfattar revidert reguleringsplankart - datert 25.01.2022, reviderte reguleringsplanføresegner – datert 25.01.2022, revidert planomtale – datert 25.01.2022 og ROS- analyse - datert 28.06.2022.

Kommunestyret si behandling av sak 8/2023 i møte den 23.02.2023:

Behandling

Endringsforslag Stig Erland Banken, Ap Sak 2023/8

Setter fram endringsforslag likt med utvalget for Miljø og Samfunnsutvikling.

Tilleggs punkt nr 4.

Alle ynskje om etablering i planområdet skal politisk handsamast i Formannskapet.

Ved eit eventuelt datasenter skal følgjande regler gjelde og vera tilknytt framfesteavtale:

4. Krafttilknytninga skal vera ut frå eigen 22KV utgang inne i Øyberget Kraftstasjon. Eventuell redundant line skal vera knytt mot 22KV Line mot Skjåk1 Kraftverk.
5. Støy som er innafør grenseverdiene, men som likevel skaper sjenanse i nærområdet mot campingplassen og utover skal det gjerast tiltak mot for å eliminere problemet.
6. Bygningens utforming og høgde skal vera slik at den ligg naturleg i terrenget og ikkje skaper unødig visuell «forureining». Høgda på bygning skal ikkje vera over det som er nødvendig for bygningens funksjonalitet.
7. Det er ei målsetting å få til eit datasenter som går på grøn energi, er av dei aller mest energieffektive og har ein forplikta plan som skal gjenbruke mest mogleg av overskytande varme og tek omsyn til klima og miljø.
8. Det skal utarbeidast ein forpliktande plan som viser verdiskaping og antall arbeidsplassar.
9. Det skal ikkje utvinnast kryptovaluta.

Endringsforslag frå Astrid Gjertsen (Bl):

Tillegg til planføresegner 4.1.a) lett industri, verkstad, lager og reiseliv.

Opprettholde vedtaket fra utvalet miljø og samfunnsutvikling. Til planføresegner: Paragraf 4.1.i) utvide perioden for støy..... 15.06 - 15.09....

Forslaget fell mot 1 stemme frå Bl.

Endringsforslag frå Kristen Haugen Dagsgard (Sp):

1. Skjåk kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, å godkjenne detaljreguleringsplan for Øyberget med planid. 34330002. Gjeldande formål for etableringar blir næringsverksemd med hovudvekt på lett industri, verkstad og lager som gir lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden. Datasenter/datalagringsentral fell ikkje innunder dette formålet for etableringar. Forbudet må inkluderast i planføresegnene som også må justerast der etter.

2. Innanfor ei periode på 5 år skal det gjerast ei evaluering av reguleringsformål for området. Ved manglande etableringar må reguleringsformålet reviderast.

3. Detaljreguleringsplanen omfattar revidert reguleringsplankart - datert 25.01.2022, reviderte reguleringsplanføresegner – datert 25.01.2022, revidert planomtale – datert 25.01.2022 og ROS-analyse - datert 28.06.2022.

Det vart stemt som følgjer:

1. Endringsforslaget frå Astrid Gjertsen (Bl) vart stemt over om det skulle takast inn i vedtaket. Forslaget fell mot 1 stemme frå Bl.
2. Vedtaket frå formannskapet vart sett opp mot endringsforslaget til Kristen Haugen Dagsgard (Sp). Endringsforslaget vart vedteke med 14 stemmer mot 3 stemmer (Sp).
3. Endringsforslaget til Kristen Haugen Dagsgard (Sp) vart sett opp mot endringsforslaget til Stig Erlend Banken (Ap). Forslaget til Dagsgard (Sp) fell mot forslaget til Banken (Ap) med 8 stemmer (Bl, Ap og Sp) mot 9 stemmer (Ap og Sp).

Vedtak

1. Skjåk kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, å godkjenne detaljreguleringsplan for Øyberget med planid. 34330002.
2. Detaljreguleringsplanen omfattar revidert reguleringsplankart - datert 25.01.2022, reviderte reguleringsplanføresegner – datert 25.01.2022, revidert planomtale – datert 25.01.2022 og ROS- analyse - datert 28.06.2022.
 - Planføresegner
 - 4.1.i) I perioden fom. 15.06 tom. 15.09, samt på helge- og høgtidsdagar, skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid som sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomtearrondering mm. Bygningsarbeid blir ikkje rekna ikkje som støyande aktivitet i denne samanheng.
3. Etske retningslinjer for etablering i planområde må godkjennast av Skjåk kommune. Dei skal bli innlemma i framfesteavtala.
4. Alle ynskje om etablering i planområdet skal politisk handsamast i Formannskapet. Ved eit eventuelt datasenter skal følgjande regler gjelde og vera tilknytt framfesteavtale:
 - Krafttilknytninga skal vera ut frå eigen 22KV utgang inne i Øyberget Kraftstasjon. Eventuell redundant line skal vera knytt mot 22KV Line mot Skjåk1 Kraftverk.
 - Støy som er innafor grenseverdiane, men som likevel skaper sjenanse i nærområdet mot campingplassen og utover skal det gjerast tiltak mot for å eliminere problemet.
 - Bygningens utforming og høgde skal vera slik at den ligg naturleg i terrenget og ikkje skaper unødig visuell «forureining». Høgda på bygning skal ikkje vera over det som er nødvendig for bygningens funksjonalitet.
 - Det er ei målsetting å få til eit datasenter som går på grøn energi, er av dei aller mest energieffektive og har ein forplikta plan som skal gjenbruke mest mogleg av overskytande varme og tek omsyn til klima og miljø.
 - Det skal utarbeidast ein forpliktande plan som viser verdiskaping og antall arbeidsplassar.
 - Det skal ikkje utvinnast kryptovaluta.